# *ÅRSSKRIFT*

for

## Skodje Sogelag 1976

# *Årsskift for Skodje Sogelag 1976*

I dette året hev det vorte skrive mykje om tilskot til gards- og ættesoge for Skodje. Vi merkar no større interesse for dette arbeidet, og den turvande stønad er auka hjå bygdefolk, bedrifter og bankar. Dette er vi mykje takksame for. Årsmeldinga for 1975 vart godt mottekje, og fleire utflyttarar vil gjerne få den tilsendt. Medlemstalet hev vakse munaleg, og dertil hev fleire einskilde personar gjeve store pengegåver til laget.

Styret takkar mykje for dette.

Vi takkar spesielt Skodje og Vatne Sparebank for den hjelp dei gjev oss.

Det er Skodje og Vatne Sparebank som fører rekneskapen.

Olgar Steinset hev skreve av kyrkjebøker. Styret hev vore det same som før:

*Elias Fylling* (form.) *ludvig Beite, Louis Giske,*

*Amund Midtlid,* *Olav S. Svorte.*

Skriftstyar *Elias Fylling,*

Utgjevar av Årsskriftet er styret.
6260 Skodje

*Skodje Sogelag*

takkar dei som har hjelpt til
med å skrive, og annonsørane
som har gjort det mogleg å
gi ut årsmeldinga.
Ein takk også til Sunnmørspostens
trykkeri for hjelp med
tilrettelegginga av skriftet.

Styret


***MOTORSALG A.S***

6020 VEGSUND

Tlf. 41 804 — 49 963

GRAVEMASKINER og TRAKTORER

KOMPRESSORER for anlegg og industri

# *Gamle ferdslevegar over Engesetdalsfjella*

Om vi går nokre årtier attende i tida vil vi finne at samferdselen bygdene imellom arta seg noko onnorleis enn det vi etter kvart er blitt vane med. Landet vårt er sundskore av fjordar, åsar og fjell ligg og skiljer mellom bygdelaga. Rettelege vegar har naturleg nok ikkje funnest alltid — visst har det eksistert kjerrevegar bygdemellom lenge, men ferdselen mellom våre mange dalføre, ja, byar og for ikkje fram berre etter landevegen. Over heile vårt langstrakte land spinn det seg eit nett av stiar, meir eller mindre synberre, på tvers av fjell og innetter hei, frå bygd til bygd. Dette er dei første ferdslevegane til lands. Dei var ikkje nett skikka til vognskyss, nei, her ferdast kløvhesten og menn med bør på ryggen.

På våre kantar har vi også snarvegar over fjella til grannebygdene på andre sida, såleis og mellom Engesetdal og Vatne, ja, endå til Fiksdal. Engesetdalen er nordre luten av Skodje og på fjellryggen mellom Vatne og Engesetdalen ligg grensa mellom dei to bygdene og lengst mot aust innpå fjellet går grenseskillet mellom Romsdal og Sunnmøre.

Vi har ikkje så store avstandar her mellom dei nemnde bygdene som mange stader elles i landet, og ferdslevegane hadde vel heller ikkje så stor innverknad på utviklinga hjå oss, må ein tru. Likevel hadde ein dette sambandet — folk veit ennå stort sett kvar stiane låg og kvar dei for framom, men få eller nesten ingen trakkar fjellvegane lenger.

Før vi går vidare, kan det vere på sin plass å nemne kva desse første samferdslevegane tente til forutan det å fri avstengde bygder frå isolasjon. Det nye som kom til landet vart bore fram langs desse primitive stiane, frå handelsstader og byane dit nyhende og påverknad frå framande land først nådde.

For å ta eit døme, skal eg her peike på ein konkret ting som har med den kulturelle påverknad å gjere: Nemleg spreiinga av vår gamle bygdekunst — treskjering og rosemåling. Stilartane som bygdekunsten er bygd opp omkring er av utanlands opphav, og det tok heller lang

tid før deira påverknad gjorde seg gjeldande hjå oss, men det kom. Og det var helst handverkarane frå byane som først bar den nye kunsten innover i landet. Bøndene tok etter — og med stor dugleik. Dei forma og skapte om til dei fekk den særeigne stilen som er kjennemerke på vår bygdekunst, som den kallast.

Stilen er ikkje einsarta, det skil ofte mykje frå bygd til bygd, og mellom dei ymse landsdelar. Dette syner og at det ikkje har vore dagvisst samband mellom bygdene våre i dei tider.

Så mang ein bygdekunstnar tok seg fram over fjella frå ein stad til ein annan. I dag kan ein rekkje fara etter dei på arbeida deira, og berre tenkje seg til den tungsame vandringa, ofte lange vegar, for å utføre sine oppgåver.

Dei gamle ferdslevegane over fjella er vel for det mest grodde att, sjølve trakket er ikkje einfeldt å finne. Visst har vi ikkje bruk for slike vegar no. Likevel skal vi ikkje gløyme at dei kronglete gangstiane som batt i hop våre mange dalføre utgjer eit blad av vår soge

Landskapet er det same som før, stein og ur ligg der som for mange hundre år sidan. Forfedrane såg mykje det som vi gjer — trødde på dei same steinane. Over fjella rak både folk og fant. Her fór hestekarar fram og krøterhandlarar med driftene sine. Skreppekarar og andre handlande rak ferdslevegen innetter fjellet. Og her traska omvandrande skreddarar og skomakarar med verktyet sitt. Å ja, legdekallen på si trøysteslause ferd rusla nok også stien over fjellet. På steinane langs vegen har dei kvilt. Skor av never har sett merke etter seg.

Vatnebygdarane og engesetdalingane hadde mykje samkvem med einannan i tidlegare tider, etter som ein kan skjøne. Vatne og Skodje var då også i ein kommune ein bolk fram til århundreskiftet. Og for «Dalingane» fall det nok snarare å ta vegen over fjellet til Vatne i naudsynte ærende. Den mest brukte og vel også den gangråsa som folk her i traktene kjenner best er stien over Skarskleiva. Frå Øvste-Skar tek den til fjells og opp Kleiva og om Ne-garden på Vatnesida — følgde gardsvegen over Vatne-elva til bygdevegen. Denne råsa var svært mykje nytta, ikkje minst til kyrkjeveg.

Folk var ikkje skvetne for å legge avstad til fots sundags føremiddag åt Vatnekyrkja for å høyre preika. Som skikken var i dei tider, nytta dei høvet til å handle litt, byte varer, treffe kjenningar og skyldfolk — og kanskje gjere av ein hestehandel Tida måtte nyttast når dei var ute likevel. Det er atskillege år sidan både «Kleivavegen» og andre fjelltiar var allfarvegar, men folk som var born eller unge kring århundreskiftet og frametter har sjølve brukt desse stiane og kan minnast at andre gjorde det.

Oluf Skar, som nå er 83 år gammal fortel mellom anna at faren sende han og broren over «Kleiva» til Vatne for å kjøpe fisk — det var sikkert eit nokså vanleg ærend den tida. Dei to var gutungar då. Ein må gå gjennom tunet på Øvste-Skar når ein skal opp Kleiva. Mang

ein har gått framom stovetrappa der. Einskilde meir særmerkte enn andre, som til dømes Rabbelthaug-Ole-Petter der han kom i berre skjorteermane med vadmålstrøya på armen. Og Storsæter-Ingebrigt, far til den kjende bygningsmannen Johan Storsæter som slo seg til på Skodje, han gjekk Skarskleiva til Vatne lenge etter at han var 80 år gammal. Oluf er sjølv ein kjend hestekar, han nytta ofte snarvegane over fjellet. Når han kom nordafrå Fiksdals-kanten leiande med hestar, tok han av vegen i Vatnedalen heimom Krogsætra, skrådde opp lia og over Beiteskaret. Komen så langt var vegen stutt heimatt. (I det same Beiteskaret er på tale, må det nemnast at oppsitjarane i Beitene spadde torv der oppe på fjellet i lang tid. Ei av torvløene stend der den dag i dag.) Gjennom dette skaret gjekk også ein av snarvegane over til Vatnedalen.

Frå den midtre av Beitegardane tek det av endå ein sti opp fjellsida til Beitenakken, vidare vestover lia nordom fjellet. Den skrådde vel over dalen om lag der den gamle fotballplassen til vatnebygdarane låg. Denne stien er kalla «Snejveien» i dagleg tale. Den fekk forresten tilnamnet «Friarvegen». Ein kan studere på kva ordet «snej» (Snei) tyder. Eg har høyrt det brukt i samband med andre snarvegar. «Eg gjekk «snejveien», kan ein høyre folk seie, og då meiner dei at dei har gått ein snarveg. Ordet må difor tyde snar — snarveg.

Lenger innpå Engesetdalsfjella finst det ein stad som kallast «Romsdalsvegane», det er helst av gammalt folk ein høyrer det namnet. I det heile er det sjeldan at det blir nemt lenger. Kanskje tyder det på at tida då «Romsdalsvegane» var vanleg å bruke ligg så langsameleg langt attende at den held på å kverve i gløymselen. Namnet skulle tydeleg seie at her frå gammalt har vore ein gangsti mellom Engesetdalen og Fiksdalen. Det har ikkje lukkast å klarlegge med sikkerheit kvar den har gått alle stader. Truleg følgde den same lina til Little-Engesetsætra som bilvegen har i dag. Vidare skrådde den vel opp gjennom skogen av fjellbjørk nordom Botnen — det som vert kalla Geitrolskogen. Første stavinga i dette namnet kan ha både med geit og gjetar å gjere. Helst det siste, om ein skal tru namnegranskarane, for i gammal ordbruk skal ordet rol eller roll tyde rund høgde. Og det kan ha noko føre seg — ovanom den såkalla Geitrolskogen ligg nemleg ei rundleg høgd, litt langstrakt. I eit gammalt skøyte står det skrive Gjetrolskogen. Namnet Geitrol, som vi seier i dag, kan dermed beintfram tyde Gjetarhaugen. Vi veit at det vart brukt gjetarar til buskapen her i eldre tider, og frå denne staden har ein framifrå utsikt over beita i Botnen og liene rundt. «Romsdalsvegane» må ha teke over den lågaste delda for enden av Nordskåla og fare vestom Litlevatnet og ned bratta mellom Vatneskåla og Hesteskarlia. Lendet er svært bratt her, og namnet Hesteskarlia må tyde at dette er staden ein kan fare med hest, eller også at her gjekk hestar på beite. Sikkert nok må vegen ha gått nedpå Krogsreset og der falle saman med den dåverande gangstien

mellom Vatne og Fiksdal ned Nakkedalen. At dette var ein ferdsleveg som vart nytta, fortel både namnet og eit par soger som ein må sete i samband med den: Ein mann kom ein kveld ned til Øyane — den garden som ligg lengst fram mot fjellet i Engesetdal — som venteleg kan vere ville husbonden i Øyane vite kvar mannen var ifrå. «Kjenner du ikkje meg då? Eg er då næraste naboen din», svara mannen på romsdalsmål. Mannen var frå Fiksdal. Sjølv om han sa dette i skjemt, så viser det oss at folk den tida kjende seg nærare kvarandre trass i at avstandane var store og samferdsla tungvint.

«Romsdalsvegane» har vore nytta til meir tvilsame ærend også. Såleis er det fortalt at engesetdølene drog over fjellet til ein stad som heiter Smikkedalen, og der tileigna seg bjørkenever på ulovleg vis. Smikkedalen er ein liten dal austfor Mælen og høyrer Fiksdal til. Bjørkenevra var uvanleg fin der seier soga, og det må ein tru sidan «Dalingane» tok ut på ei såpass strevsam ferd etter den. Eit slit må det ha vore i alle høve, først den lange turen nord dit, så skjere og flekkje nevra av bjørkestammane og då endeleg ta på heimvegen. Ta seg opp den tunge fjellsida frå Smikkedalen og traske over Mælemyrane vidare opp den bratte lia under Litlevatnet før dei kom på snaufjellet. Slike «ærend» over fjellet vart nok gjorde unna i dei lyse nettene seint på våren eller tidlegast på sommaren medan skaren bar over snøflekkane i høgda.

Never var sikkert eit verdfullt vyrke på den tid. Desse små glytta frå førre hundreåret — eller kanskje endå tidlegare — har Sivert H. Erstad fortalt, han hadde sjølv høyrt dei av eldre folk. Sivert var ein av dei som gjekk mykje i fjellet, både på leiting etter krøter og når han fór ikring på hestehandel. Så seint som i 1946 var han på bytehandel nordom fjellet. Han leidde ei ku til Vatneskåla der han etter avtale møtte folk frå Fiksdal og bytte den bort. Kan hende var dette siste gongen at nokon nytta den vegen i slikt ærend. På denne turen følgde Sivert ein veg som sikkert ikkje var så vanleg å bruke. Han følgde sæterråsa til Lasshaugsætra, tok opp og austetter lia derifrå og framom ein stad der det heiter Lessingane, eit namn ein svært sjeldan høyrer nemnt. Lessingane ligg ikkje langt frå Lasshaugsætra. Det er ein stad der folk dreiv slått i gamle dagar, på nokre små myrflekkar. Dei lesste på seg høybører og bar heim til sætra, derav namnet Lessingane. Det høyrer også med til soga om ferdselen over fjellet at mellom anna frå Erstadsætra hende det at sætrejentene gjekk over fjellet om søndagen til Fiksdalskyrkja. Ikkje nett nokon lett kyrkjeveg. Og det er ikkje rart når ei av dei gamle sætrejentene som var med på slike kyrkjeferder fortalde at ho vart sjuk av den slitsame ferda då ho kom attende til sætra.

Når ein ferdast inne ved dei eldgamle fjellstiane og let hugen leike, er det underleg å tenkje på at her kanskje tok dei gamle kvild medan øykjen fekk bite i graset. Låg kan hende og stirde opp mot blået,

høyrde ramnen skrike oppe på Nordskålryggen medan bekken surla like ved. Såg ørna sigle ut frå Svartvassberga. Seglbåtar — endåtil vikingeskip langt borte i Storfjorden. Vikingeskip, ja, på det settet har biletet endra seg — i dag ser vi av og til i klarver ferja mellom Magerholm og Aursneset som ein liten tynn strek.

Merke etter dei gamle stiane er ofte vande å finne. Føter har slutta å sette merke etter seg, vi veit berre at dei låg her ein eller annan stad, og at dei år for år blir betre gøymde av det som gror og veks.

*Louis Giske.*

*Odelsgardar i Skodje 1603. (Valde Skibreide).*

| | | |
|---|---|---|
| Oluf Honningdal | 4½ | mellag, betalte i skatt 1 ort |
| Oluf Storfylling | 3 | mellag, betalte i skatt 12 skilling |
| Størker Honningdal | 4 | mellag, betalte i skatt 1 ort |
| Jakob Haaemb | 4½ | mellag, betalte i skatt 1 ort 6 skilling |
| Iffur Skodden | 5 | mellag, betalte i skatt 1 ort 6 skilling |
| Oluf Nedre Skodden | 9 | mellag, betalte i skatt 1 ort 18 skilling |
| Iffur Pedersen, Vogen | 1 | mellag, betalte i skatt 4 skilling |
| Knud Brusdal | | |
| Peder Indre Skodden | 2½ | mellag, betalte i skatt 4½ ort |
| Peder Storhaug | 10 | mellag, betalte i skatt 2½ ort |

Ein ser her at i Skodje var att i 1603 berre *10 odelsgardar.*

*Odelsgardar i Skodje 1611—12. (Valde Skibreide).*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oluf Stor Fylling | 3 | mellag odelsgods, | betalte skatt 12 skilling |
| Iffur Skodje | 1 | mellag odelsgods, | betalte skatt 4 skilling |
| Knud Knudsen Skodje | 1 | fjerdingslag | betalte skatt 1 skilling |
| Iffur Vogen | 1 | mellag odelsgods, | betalte skatt 4 skilling |
| Jon Haahjem | 2 | mellag odelsgods | betalte skatt 8 skilling |
| Lars Haahjem | 2 | mellag odelsgods, | betalte skatt 8 skilling |
| Oluf Honningdal | 3 | mellag odelsgods, | betalte skatt 12 skilling |
| Gisse Honningdal | 1 | mellag odelsgods, | betalte skatt 4 skilling |
| Peder Sæter | 1 | mellag odelsgods, | betalte skatt 4 skilling |
| Jakob Valde | 4 | mellag odelsgods, | betalte skatt 16 skilling |
| Peder Valde | 7½ | mellag odelsgods, | betalte skatt 30 skilling |
| Arne Olsen Honningdal | 1½ | mellag odelsgods, | betalte skatt 6 skilling |
| Peder Jonsen Storhaug | 10 | mellag odelsgods, | betalte skatt 40 skilling |
| Lars Erstad | 4 | mellag odelsgods | betalte skatt 16 skilling |
| Knud Brusdal | 4 | mellag odelsgods, | betalte skatt 16 skilling |
| Oluf Ner Skodje | 8 | mellag odelsgods, | betalte skatt 32 skilling |
| Oluf Oxeskar | 4 | mellag odelsgods, | betalte skatt 16 skilling |

*År 1611—12 i alt 17 odelsgardar i Skodje.*

*Sagbruk i Skodje 1603.*

*Oluf Nedre Skodje* eigde sagbruk. Han skar det året 50 tylvter. Betalte skatt, 2 riksd. + 5 tylvter bord.

*Peder Bjørnsøn Abelvik* eigde sag. Han skar 25 tylvter. Betalte 2 riksd. + 2½ tylvt bord.

*Ivar Olsen Skodje* eigde sag. Han skar 40 tylvter. Betalte 2 riksd + 4 tylvter bord.

*Gurunn paa Låum ?* sagbruk. Han skar 15 tylvter. Betalte 2 riksd. + 1½ tulvt bord·

*Størker Honningdal* eigde sag. Han skar 30 tylvter. Betalte 2 riksd. + 3 tylvter bord.

*Sagbruk i Skodje 1610—11.*

*Ivar Olsen Skodje* skar 15 tylvter, betalte skatt 2 riksd. + 1 riksd. + 1 ort.

*Ivar i Vågen og Anders Abelvik* skar 20 tylvter, betalte 2 riksd. + 1 riksd.

*Oluf Sivertsen Fylling* skar 40 tylvter, betalte 2 riksd· + 3 riksd. sagbordskatt.

*Oluf Olsen Honningdal* skar 50 tylvter, betalte 2 riksd. + 3½ riksd. sagbordskatt.

*Oluf Nedreskodje* skar 60 tylvter, betalte 2 riksd. + 4 riksd. sagbordskatt.

*Knut Stette* skar i året inkje, men betalte 2 riksd. sagskatt.

Skatt måtte dei betale om ikkje dei skar noko. Av den grunn vart bøndene nærsagt tvinga til å drive fram skog og sage den for å kunne greie å betale skatten

*E. F.*

*Sagbrukseigarar i Valde Skipreide 1624.*

Hr. prest Vikmand Påske i «en elv ved gården Fosse 2 mile fra sjøen» skar det året 20 tylvter.
Lauge Jenssen på Rixemb skar 40 tylvter·
Jørgen Blindem skar det året 40 tylvter.
Zigvald Løevold skar det året 20 tylvter.
Peder Olsen Offre skar det året 20 tylvter.
Nils Klok Offre skar det året 20 tylvter.
Christen Frantzen på Langskibsholm skar 40 tylvter.
Lauris Giskemo 100 tylvter
Iver Brøtte 30 tylvter.
Peder Grimsen Lid 30 tylvter

Oluf Honningdal 40 tylvter.
Jon Glomset 20 tylvter.
Erland og Jakob Ekornes 20 tylvter.
Ifuer Olsen Skodje 20 tylvter
ock den samme Ifuer Olsen at en anden flomsaug 40 tylvter.
Knud Stette skar 20 tylvter.
Oluf Vig (Sykkylven?) skar 40 tylvter.

(Alle betalte 2 1/2 Rixdal pr. sag + 1/10 av alle saga bord.)

## *Anno 1606*

(Gardar som ikkje er nemnde her, var sjølveigargods.)

*Leigleindingsskatt «oppeboren» i Valde skipreide.*

Størker Heseberg
Peder Heggebak
Peder Hesseberg
Nils Gudmundset
Størker Honningdal
Oluf Honningdal
Oluf Over Glomset
Knut Over Glomset
Nils Neder Glomset
Tore Honningdal
(Disse betalte til saman 10 (20?)
Rixdalar i skatt.)
Knud Yttergard (Skodje?)
Oluf Fyllingen
Iffuer Skode
Ifuer Knudsen Skode
Povel på Svorten
Johannes Svorten
Peder Bjerge
Bjørn Grindvig
Peder Strømme
Oluf Svorte
(Desse betalte til saman
10 Rixdaler i skatt.)
Knut Lilleseter
Inger Ekornes?
Nils ibidem (Ekrol?)
enken ibid.
enken Lillefylling

Iver på Skodde
enken ibidem
Kristofer Reite
Iver i Øren
(Desse betalte til saman
10 Rixd· i skatt.)

Peder Sæteren
Knut på Stette
Oluf Storhaugseter
Oluf ibidem
Nils ibidem
Knut på Ville? (Valde)
Peder Abelvig
Nils Valle
Knut Hesevig
Jon Håem
Jakob Håem
Oluf Håem
Oluf Solnør
Ifluer Voge
Knud Skode
Christen Langskibsholm
Oluf Tøsse
Oluf Abilseter
Otter Abilseter
Ingebret på Altved?
(Desse betalte til saman 10
Rixdalar i skatt.)

*Husmenn i Valde skipreid:*
Knut Brune
Erik Heggebakk
Iver Neset
Tore Håem
Jetmund Svorte
Anders Svorte
Oluf Gudmundset
Oluf Storfylling
Elof Ytreskodde

Hogne Leide
(Desse betalte 2 ort kvar.)

*Drengjer:*
Oluf Slettebak
Jon Gjerde
Knut Oxeskar
Lars Honningdal
Oluf Stige
Oluf Erstad

*Leding og tiendemanntal Valde Skipreide år 1610—11.*

Oluf Abelset er lensmand og ledingsfri.
Oluf nedre Skodje er lensmand og led.fr.
Christen Skibsholm 1 kalveskinn.
Knud Svorteløg, 2 kalvsk.
Nils Gudmundset, 2 k.sk. 12 mel· korn.
Oluf husmand ib. 1 kalvskinn.
Størker Heseberg 1½ fjerding havre
Peder ib. ½ mele havre.
Heseberg tils: 3 kalvskinn.
Arne Neset 2 k. 1½ fjerd. h.
Oluf Huningdal 12 mele havre.
Enken ib. 3 fj. havre.
Honingdal tils.: 5 kalvskinn.
Jon Nedreglomset 3½ fj. h.
Oluf ib. 12 mele h·
Knut ib. 12 mele h.
Ned. Glomset tils: 1 geitsk. 1 k
Iver husm. ib. 1 kalvsk.
Knud Hesevig 12 mele 2 k.
Sivert husm ib. 1 kalvsk.
Lauris Vige 2 k. 1 fj. korn.
Knud Valde 3 fj. k
Nils ib. 3 fj. k.
Valde = 1 geitskinn.
Lars Håem 2½ fj· h.
Jon ib. 3 fj. h.
Gullek ib 3 fj. h
Håem = 1 geitesk. 1 kalvsk.
Af Follevig 1 kalvsk.
Peder husm. ib. 1 k. sk.
Oluf Indvig 1½ fj. h.
Tilsaman 2 kalvskinn.

Oluf Udvig 2 k.sk. ½ mele havre.
Enken Natvig 1 k. ½ fj. h·
Knud Brusdal 1 g. 4 k. 1 mel. havre.
Sivert Slettebakk 2 k 1 fj. havre.
Enken Rekvam 1 fj h.
Iver ib. 1 fj havre.
R = 1 geitsk. 1 kalvskinn.
Johannes Ødegård 1 k.sk.
Amund Stafseter 1 mele h.
Knut ib. ½ mel. h.
Stafset = 1 geitsk· 1 kalvsk.
Oluf Opskar 4 k. 1½ mele h.
Peder Storhaug 1½ mele.
Oluf ib. 1 mele
Storhaug = 2 geitsk. 2 kalvsk.
Arne Nes 1 mele.
Peder ib. 1 mele.
Nes = 1 geitsk.
Oluf Skar 3 fjerd.
Oluf Haldorsen ib. 3 fjerd.
Skar = 4 kalvskinn.
Størker husm. ib. 1 k.sk.
Knud Beithåg 1 k. 1½ fj· h.
Ingebrigt Stige 1 k. 3 fj. h.
Iver Erstad 3 fj. h.
Iver Guttormsen ib. ½ mele.
Erstad = 1 geitskinn.

Enken på Ekrol 3 fj. h.
Einer ib. 3 fj. havre
Enken ib. 3 fjerd. havre.
Ekrol = 1 geitsk. 1 k.sk.
Nils Engeseter 1 mele h.
Knut ib.1 mele h.
Engeseter = 3 kalvskinn.
Peder Lillefylling 3 k. 3 fj. h
Oluf Storfylling 1 g. 1 mel. 1½ fj.
Knut Brune 1 k. 1 fj. h.
Olaf Fyllingsnes 1 k. ½ fj. h.
Kristen Reite 3 k. 3 fj. h.
Ifuer Stedte 1 mele h.
Knud ib. 3 fj h·
Ifuer Knutsen ib. 3 fj.
Ifuer Johansen ib. ½ fj.
Johannes ib. ½ fj.
Stedte = 2 geitsk. 4 k.sk.

Ifuer i Vogen 2 k. 3 fj.
Zakarias Ytr.Skodje 3 fj.
Oluf ib. 3 fj.
Oluf ib 12 fj. h.
Skodje = 2 geitskinn.
Peder Bierig 2 kalvsk· ½ mele.
Knud Bakke 1 k.sk. 1 fj. h.
Bjørn Grindvig 2 k ½ mele h.
Olaf Neder Skodje er lensmand og ledingsfri for sin gård.
Enken Apelvig 1 mele h
Anders Ibidem ½ mele h.
Apelvig = 3 kalvskinn.
Anders husm. ib. 1 k.sk.
Haldor Lid 1 k. 1 fj h.
Jon Ødegård 1 k ½ fj. h
Peder Stenseter ? 1 k. 1 fj. h.

NB: 4 fjerdingar havrekorn = 1 mele havrekorn.

4 mele havrekorn = 1 tunne·

1 Rixdaler = 68 skilling danske.
1 ort = 17 skill. d. = 24 skil. norske.

## *Anno 1611-12*

*Leiglendingskatt i Skodje, Valde Skipreide.*

Oluf Solnør bet.
Kristen i Øen (Langskipsøy)
Jon Håemb
Lars Håemb
Gullik Håemb
Knut Valde
enken Valde
enken Viga
Lars ibid
Jon Glomseter
Oluf Honningdal
Oluf Glomseter
Aamund Glomseter
enken Honningdal
Arne Nes

Nils Gudmundset
Erik Heggebakk
Størker Hesseberg
Peder ibid
Knut Brusdal
Sifuert Slettebak
Ifuer Rekvamb
enken ibid.
Johannes Ødegård
Lars Håvigen
Anders ibid.
Peder Mørkeseter
Erik ibid.
Oluf Udvig
Oluf Indvig

Bottel Digernes
Knut Indvig
Størker ibid.
Peder Strømme
Oluf Sorte
Povel ibid.
Iver ibid.
Jetmund ibid.
Peder Flotte
Oluf Oxeskar
Peder Storhaug
Nils Haugen
Knut ibid.
Bjørn Grindvig
Mogens Stenseter
Knut Storseter
Aamund ibid.
enken ibid.
Oluf Storhaug
Knut Stette
Rasmus ib.
enken ib.
Aamund Leite
Arne på Nes
Hogne Leite
Nils ibid.
Oluf Vimø
Oluf Nes
Ingebrigt Stige
ung Oluf Skar
Oluf Beite
Oluf Skar
Knut Beite
Iver Erstad
Oluf Guttorm ibid.
Lars Ekrol
Oluf Grasdalen
enken Ekrol
Einer ibid.
Knut Lille Engeset
Nils ibid·
Peder Fyllingen
Oluf Langnes
Knut Brune
Oluf Storfylling
Ivar Olsen Skodje
Kristen Reite (Skodje)
Zakarias ibid.
Oluf Knutsen ibid.
Oluf Ellingson ibid.
Knut Knutsen ibid.
Eilluf ibid
Peder Bjerig
Iver Vågen (Sk.)
Anders Andersen Abelvig
enken ibid.
Knud Bjerge
Iver Johansen Skøie
Halvor Lid (Skodje)
Brite Ekrol

*Drengjer:*
Erik Ols. Storhaug
Peder Ols. Honningdalsnes
Jakob Håem

*Husmenn og ødegardsmenn*
Peder Gjerde
Oluf Bjørnevig
Oluf Kirkesten
Arne Velte
Anders på Seteren
Sivert Vigå
Povel Honningdal
Elling Ekroll
Ivar Glomset
Stefen Heseberg
Viglik Helle
Maren Grindvig
Einar Ekroll
Jakob Strømme
Dei 5 fyrste er ødegardsmenn.
Resten er husmenn.

# *Manntall over bufaste menn i Valde Skipreide ved utskrivinga til krigen 1611*

*NB: Tvo bufaste menn skulde reide ut den tridje mann med påboden utreidsle eller krigsstyr. Alle dei nemnde menn var gardbrukarar i Skodje.*

Peder Storhaug og andre odelsbønder rusta ut ein *ryttar* Oluf Ols. Storhaug.
Jon Håem + Lauris Håem reidde ut Peder Ped. Håem til soldat.
Knud Valde + Knut Nes + enka = Lauris Ellingson Vigen.
Jon Glomset + Oluf ib. = Aamund Olsen Glomset.
Oluf Honningdal + Arne Nes = Knut Størkersen Honingdal.
Nils Gudmundset + Erik Heggebak = Størk Jøstson Heseberg.
Knut Brusdal + Sivert Slettebak = Jon Olsen Ødegård.
Lars Håvik + Anders ib. = Peder Olsen Mørkeset.
Oluf Udvik + Oluf Indvig = Erik Jetmunds Mørkeset.
Botolv Digernes + Størker Indvig = Knud Olsen Indvig.
Peder Strømme + Oluf Sorte = Knud Nilsen Haugen.
Iffuer Sorte + Povel ib. = Jetmund Larsen Sorte.
Peder Flote + Magnus Stenset = Bjørn Mortenson Grindvig.
enkja Stenset + Amund Stafset = Knut Iversen Stafset.
Oluf Oxeskar + Peder Storhaug = Nils Olsen Leite.
Amund Leite + Knut Stette = Arne Ellingsen Nes.
enkje Stette + Oluf Nes = Rasmus Stette, for ham udgikk Ingebrigt Ped. Stette.
Ingebrigt Stige + Oluf Skare = Hogne Andersen Leite.
Oluf Haldorsen Skare + Iver Jonsen Erstad = Iver Guttorms. Erstad.
Knud Leite + Oluf Leite = Oluf Pedersen Grasdal.
Brite Ekrol + enkja ib· = Lasse Pedersen ib.
Einar Ekrol + Knud Lille Engeset = Peder Samunds. sæteren.
Nils Engeset + Jon Lien = Oluf Størkson Engeset
Nils Lille Engeset + Peder Lille Fylling = Oluf Engeset, for ham udgikk sønnen Peder Olsen.
Iffuer Skodje + Kristen Reite = Zakarias Skodje, for ham udgikk Størk Nilsen Nes.
Oluf Storfylling + Oluf Langnes = Knut Sjursen Brune.
Iver Skøye + Peder Brevig = Oluf Jonson Skøye.
Iver Vågen + Anders Abelvig = Haldvard Bjørnsen Lid.
enkja Abelvig + Knut Bjerig = Iver Jonsen Skøie.
Oluf Knutson Ytre Skøie + Knut Knuts. ib +
Oluf Vemø = Oluf Olufsen ib.

*Kronens og stigens landsskyld*

Amund Olsen Stafset 1½ vog fisk.
Knud Iversen ib. 2½ pund f.
Bendik ib. ?
Jon Klokset 4 pd. f.
Oluf Storfylling 2 voger f.
Oluf Elofson Skodde 2½ pd.
Zakarias ib. 2½ pd.
Knud Ped. Beithåg 1 pd.
enken ibid. —
Peder Lillefylling 4 pd. f.
Oluf Andersen og unge Oluf på Skar 1½ v. f.
Ingebrigt på Brune og Knut Brune 1 vog f.
Knud Sorteløg 12 vog smør.
Bernt Jordeskar 2½ pd.

*Husmenn og ødegardsmenn:*

Peder Rogne?
Oluf Bjørnevig
Ingebret Abelvold
Arne Lieset
Peder Stinset

*Kongeleg majestæts leding av Skodje sokn år 1625.*

Kristen Langskipsholm 1 kalvskinn.
Knud Sortehaug 2 kalvskinn.
Enken Gudmundset 2 kalvsk.
Oluf Nes 2 kalveskinn.
Størker Heseberg + Peder 3 kalvsk.
Oluf Honningdal + Jakob 1 gietesk. 2 kalvsk.
Jon Neder Glomset + Oluf + Øistein + enken + Arne ibid 1 geitesk. 3 kalvsk.
Eluf Hestevig + Oluf 2 kalvsk.
Oluf Vigåe 2 kalvsk.
Knud Valde 1 g.sk. 1 k.sk.
Lauris Håemb + Jon + Eiluf ib. 2 geitesk. 1 kalvsk.
Alf Fulleuing 1 kalvsk.
Oluf Indvig + Knut 2 kalvsk. Oluf Indvig 2 kalvsk.
Kolbjørn Natvig 1 kalvsk.
Knut Brusdal + Oluf + Ivar ib 1 gietsk. 4 kalvsk.
Zigvert Sletebake 2 kalvsk.
Nils Rekuamb + Iver ibid 1 geitsk. 1 kalvsk.

Johannes Ødegård 2 kalvsk.
Amund Stafset + Povel ibid 1 geitsk. 1 kalvsk
Povel Oxeskar 1 geitsk·
Oluf Storhaug + Knut + Oluf ibid. 2 geitsk. 2 kalvsk.
Ane Nes + Oluf ib. 1 geitsk.
Oluf Skar + Laurits ibid 1 geiteskinn.
Knut Brathaug 1 kalvsk.
Oluf Erstad + Ellende ibid. 1 geitsk.
Engelbret Stige 2 kalvsk.
Ener Ekroll + Anders ibid. + Ifuer ib. 1 geitsk. 2 kalvsk.
Nils Engset + Elling 4 kalvsk.
Jon Øye 1 kalvsk.
Peder Lillefylling 3 kalvsk.
Oluf Storfylling 1 geitsk.
Staffen Brune 1 kalvsk.
Oluf Fyllingsnes 1 kalvsk·
Sæmund Reite 3 kalvsk.
Iver Olsen Skodje + Knud ib + Gunder 2 geitsk. 4 kalvsk.
Nils I Lien 1 kalvsk.
Iver Vogen 3 kalvsk.
Zakarias Ytre Skodje + Oluf ib. + Eluf 2 geitsk.
Peder Berge 3 kalvsk.
Knud Bake 1 kalvsk.
Bjørn Grindvig 2 kalvsk.
Oluf Ned. Skodje + Jon ibid. 1 geitsk. Peder Apelvog + Anders ibid. 1 geitsk.
Anders Abelvigseter 1 kalvsk.
Halvar i Lied 2 kalvsk.
Iver Olsen af Stinset?
Oluf Tøsse tilforn lensmand 3 kalvsk.

*Huessmend i 1625:*

Oluf Støferhaug + Rasmus Grindvig 1 kalvsk.
Peder Grindvig 1 kalvsk·
Peder Hofuen 1 kalvsk.
Iver Glomset 1 kalvsk.
Knut Hooningdal 1 kalvsk.

NB: Nokre gard, er ikkje nemnde her. Hev nok ikkje bet. leding det året.

Jon Nedre Glomset + Øystein ib. + Lauris ib. + Arne ib. = 1 g.sk. 3 ksk.
Lars Håeim + Jon + Oluf = 2 geitskinn 1 kalvskinn.
Kolbjørn Natvig 1 ksk.
Knut Brusdal + Oluf + Iver = 2 gsk. 3 ksk.
Syver Slettebak 2 k.sk.
Nils Rekvam + Iver = 1 g.sk. 1 k.sk.
Johannes Ødegård 2 k·sk
Samund Stafset + Paul = 1 g.sk· 1 k.sk.
Oluf Oxeskar 1 g.sk
Oluf og Knud Stoffuerhaug = 2 g.sk. 2 k.sk.
Arne Nes + Oluf + Rasmus = 1g.sk. 1 ksk.
Olauf Skar + Lauris + 1 gsk.
Knut Reithaug 2 k.sk
Engelbret tigen 2 k.sk
Olaf Erstad + Elling + 1 g.sk.
Ener Ekrol + Anders + Ivar = 1 g.sk 2 k.sk.
Nils Engset + Elling = 4 k·sk
Jon Øye 2 k.sk.
Peder Lillefylling 3 ksk.
Oluf Storfylling 1 g.sk
Oluf Storfylling 1 g.sk.
Oluf Brune 1 ksk.
Oluf Fyllingsnes 1 k.sk.
Sam Reit 3 ksk.
Iver Olsen Skodje + Knut + Gunder = 2 k.sk. 4 g.sk.
Povel Lien 1 ksk.
Iver Vogen 3 ksk.
Zakarias Ytre Skodje + Oluf + Halkjel = 2 gsk.
Peder Berge 3 k.sk.
Oluf Bake 1 ksk.
enken Nedre Skodje 1 g·sk.
Jakob ib. + Jon + 1 g.sk.
Peder Apelvig + Anders = 1 gsk.
Halvor Lie 2 k.sk.
Iver Ols. Stenset + Oluf Ytreberg = 2 ksk.
Oluf Honningdal + Jakob = 1 g.sk 2 k.sk.
Knut Indvig + Knut Ytrevig = 6 k.sk.

# *Manntal over gardmenn og strandsitjarar Skodje sokn 1627-28*

*Merknad:* Det var 4 slag gardsbruk: fulle gardar, halve gardar, tredings gard og fjerdings eller øydegarda.

Ein full gard = 3 voger fisk eller meir. Ein halv gard = 1½ vog fisk. Ein tredingsgard = 1 vog fisk Ein fjerdingsgard = ½ vog fisk.

For kvar vog fisk bet. skatt = 16 skilling.

(1 Rixdaler = 4 ort = 96 skilling.)

Langskibsøen: ½ vog fisk. Bet. skatt: 8 skil. Brukaren var Vild Christensen (Hollandsk ætt)

Valde: 1 vog. Knut Sigvardsøn.

Vige: 1 vog: Oluf Ellandson og Elluf Arneson.

Ytre vig: 1 vog. Oluf Jakobsen.

Nedre Glomset: 1 vog Jon Brønildson.

Øvre Glomset: 2 vog. Arne Olsen, Jostein Størkerson, Lars Olsen, Oluf Olsen.

Honningdal: 1½ vog. Ole Olsen, Jakob Størksen, Jakob Olsen.

Honingdalsnes: ½ vog. Elluf Bårdson.

Gudmundset: 1 vog Lars Nilsen, Oluf Pederson.

Heggebakk: 1 vog. Erik Pederson, Knut Nilson.

Heseberg: 1 vog. Størk Jostensøn, Peder Eriksøn, Oluf Ellingsøn.

R. . . Nils Larsen, Iver Knutsen

Karsnes: Johannes

Slettebak: Siguer Knudsen.

H. . . vig: Anders Olsen.

Mørkeset: 2 vog. Ole Kolbenson

Natvigen: ½ vog. Kolben Tommesen.

Utvig: 1 vog. Anders Knutsøn.

Indvig: 1 vog. Knud Olsen.

Digernes: 2½ pund. Botil Torsen.

Strømdal: 2½ pund. Størker Jonsen.

Øen: 2½ pund. Oluf Arneson.

Stafset: 2 vog 1 p. 6 m. Paul Knutsøn, Simon Pederson, Birgitte Olufsdatter.

Stig: 1 vog. Ingebrigt Olsen.

Skar: 1½ vog ½ pd Ole Anderson, Laurits Bårsen.

Bette: ½ vo. Knut Pedersøn.

Indre Bette: 1 vog. Oluf Pedersøn.

Erstad: 2 voger. Ole Olsen, Lars Olsen, Eline Jensdatter.

Gresdal: 1 vog 1 pund. Oluf Pedersøn.

Ekråll 2½ vog 1 p 6 mark. Rasmus Larsen, Axel Larsen, Peder Olsen.

Indre Ekråll: 3 vog· Einar Ellandson, Anders Simonson, Iver Anderson

Engeset: 3 vog. Ellend Jonsøn, Nils Pedersøn, Nils Knutsøn.

Stor Engset: 3 vog Johan Olsen, Olluf Størkerson, Peder Knutson, Jon Nilsson.

Setter: 1½ vog. Peder Anderson.

Øye: 1 vog. Jon Jonson.

Stor Fylling: 2 vog Oluf Sigurdson, Tosten Olsen, Sigvard Olsen.

Lille Fylling: 1 vog. Peder Mikalsøn.

Langenes: ½ vog. Ole Pedersøn.

Braune: ½ vog. Ole Knudsøn.

Reite: 1 vog. Salomon Olsøn.

Skodie 10 vog. Iffuer Olsøn, Gunder Størkersøn, Knud Knudsøn, Amund Iversøn.

Ytre Skodie: 4 vog. Otter Stenersøn, Oluf Jonsøn, Zakarias Olssøn, Ole Eilufsøn·

Neder Skodie 1½ vog ½ p. 6 m. Jon Jonsøn, Jakob Iversøn, Arne Nilsen.

Lien: ½ vog. Anders Nilsen.

Appelvog: 1½ vog. Anders Olufson, Peder Einerson.

Solnor: 2 vog. Knud Olsen.

Berrig: 1 vog ½ p. 6 m. Peder Olsen, Ole Ped. Knut Størkersøn.

Ydste Berg: ½ vog. Oluf Nilsen.

Grindevigen: ½ vog 9 p. Oluf Bjørnson.

Strømmen: 1½ vog. Povel Arneson, Knud Olufsøn.

Stiette 4 vog· Knud Povelsen, Rasmus Arnesøn.

Leite: 2½ vog. Hogne Andersøn, Askild Olufsøn.

Næss: 2½ vog. Oluf Ellingsøn, Arne Ellingsøn, Rasmus Olsen.

Stoffuerhaug: 2½ vog. Oluf og Knud Pedersønner.

Oxeskar: 2 vog. Olle Iffuersøn.

Steinset 2 vog. Ole Pedersøn, Bersvend Mogenssøn.

Nysetter: ½ pd. 6 m Knud Ingebrigtsøn.

Lien: ½ vog 1 pd. Størker Pedersøn.

Brusdal 3 vog. Knut Knutsøn, Oluf Iversøn, Iver Paulsen.

Suorte: 3 vog. Oluf Sigvardson, Paul Tidemandsøn, Knut Olufsøn.

Haugen: 1 vog. Erik Olufsen, Ellend Pedersøn·

Flodde 2½ pund. Peder Olufsøn. Knud Opsal er strandsidder på 1 pund smør.

Albueskar: 1 vog. Oluf Ellingson, Lars Ellingson.

*Odelsbønder i Valle Skibrede 1624, Skodje sokn.*

Oluf Honningdalsnes med hans medarvinger 8 mellag.
Eiluf og Peder Honningdalsnes 2½ mellag.
Oluf Brusdal 4 mellag.
Knut Brusdal med hans søskend 4 mellag.
Oluf Storfylling 14½ mellag 1 fjerd laug (skatt 4½ ort 10 sk).
Oluf Nedre-Skodje 8½ mellag 6 mark (skatt 2½ ort 10 sk. 2)
Iver og Knut Nedre Skodje + medarvinger 4 mellag 1 fjerding.
Laurits Håemb 3 mellag.
Jon Håeng 2 mellag.
Hr. Oluf prest på Dollum (Ørskog?) 12 mellag.
Rasmus Vadset (rekna til Skodje) 1 mellag.
Knut Pedersen Støffuerhaug (Storhaug) 1 mellag.
Oluf (Pedersen) Støffuerhaug (ib.) 5 mellag.
Elland Engeset 2 mellag.

NB: Dei betalte 8 skilling for kvar mellag i odelsskatt (årleg). Dette var 3dje delen av den årlege renta av godset

## *Leiglendingsskatt i Skodje sokn 1624*

Vild Langskibsholm
Knut Solnør
Jon Håemb
Knut Valde
Oluf Honningdal
Lauris Håemb
Elluf Håemb
Oluf Vige
Elluf Vige
Tore Glombset
Jøsten Glombset
Arne Glombset
Jakob Honningdal
Erik Heggebak
Styrker Hesseberg
Peter Heseberg
Knut Heggebak
enken Gudmundset
Oluf Honningdalsnes
Nils Rekvamb
Iver Rekvamb
Iver Slettebak
Knut Brusdal
Peder Olsen Sorte
Oluf Flot
Lauris Haugen
Knud Sorte
Povel Sorte
Størker Saltkjelsvig
Botil Digernes
Tomas Indvig
Knut Indvig
Anders Udvig
Oluf Oxskar
Mogens Steinset
Anders Hiøvigen
Oluf Mørkset
Sæmund Stafset
Povel Stafset
Oluf Brusdal
Iver Brusdal
Oluf Stårhaug
Knut Stoerhaug
Knut Seter
Rasmus Seter
Askild Leite
Hågne Leite
Arne Nes
Oluf Nes
Oluf Vemøen
Povel Strømme
Oluf Strømme
Bjørn Grindvig
Oluf Bietug (Beite?)
Erlend Engset
Peder Seter
Iffuer Ekeroll
Tidemand Ekeroll
Anders Simonsen ib.
Axel Ibid
Nils Engset
Peder Ibid
Oluf Ibid
Jon Nilsen Engset
Oluf Stor Fylling
Johannes Engset

| | | |
|---|---|---|
| Jon Øye | Eluf Ibid | Jakob Ibid |
| Peder Lillefylling | Samund Reite | Iffuer Vågen (Skodje) |
| Oluf Fyllingsnes | Iver Olsen Skodje | Halvard i Lien |
| Peder Berge | Gunder Ibid | Anders Apelvig |
| Oluf Elufsen Skodje | Knud Knudsen Skodje | Peder Ibid |
| Zakarias Ibid | Oluf Nedre Skodje | |

*Ødegårdsmenn 1624:*

| | | |
|---|---|---|
| Kolben Natvik | Oluf Persen ib. | Anders i Lien |
| Knut Berge | Knud Størkersen ib. | Nils i Lien |
| Oluf Berge | enken på Brune | |

*Husmenn i Skodje 1624:*

| | | |
|---|---|---|
| Knut Honningdal | Nils Hauge | Simen Indvig |
| Oluf Vige | Bersvend Stinset | Oluf Stoerhaug |
| Iver Glomset | Oluf Nes | Styrker Ibid |
| Oluf Ibid | Rasmus Grindvig | Erik Erstad |
| Jakob Honningdal | Amund Skodje | Lauris Paulsen Valde |
| Oluf Heggebak | Olaf Einersen Våge | Zigvard Fosse (Tøsse?) |
| Oluf Gudmundset | | |

*Drengjer i Skodje 1624:*

| | | |
|---|---|---|
| Elling Solnør | Elling Stoerhaug | Jakob Solnørdal (Ørsko |
| Rasmus Støtte | Johannes Engesets dren | Anders Hiøvigen |
| Håvard Skodje | Arne Storhaug | Nils Fylling |
| Oluf Honningdal | Elling Engseter | |

NB: Kvar leiglending betalte 5 ort i skatt 1624. Kvar øydegardsmann betalte 2½ ort. Kvar husmann 2½ ort og kvar dreng 2½ ort.

## *Kvægskatt-mantal 1658*
## *Skodje sokn — Gryta Skibr.*

*Beite:* Paul 1 hest 1 okse 14 nød 10 gjeder 12 får. Anders 1 hest 8 nød 4 gjeder 6 får.

*Stigen:* Olle 1 hest 1 oxe 15 nød 14 gjeder 5 får.

*Erstad:* Jon 1 hest 6 nød 2 gjeder 3 får. Gamle Olle 1 hest 6 nød 2 gjeder 3 får. Unge Olle 1 hest 6 nød 3 gjeder 4 får. Oluf 1 hest 1 oxe 7 kjør 2 gjeder 4 får.

*Yttre Ekroll:* Laurids 1 hest 1 okse 10 nød 10 gjeder 10 får. Peder 1 hest 1 oxe 12 nød 8 gjeder 18 får. Arne 1 hest 1 oks e 14 nød 4 gjeder 4 får.

*Indre Ekroll:* gamle Knud 1 hest 7 nød 4 gjeder 7 får. Rasmus 1 hest 8 nød 2 gjeder 4 får. Unge Knud 1 hest 5 nød 2 gjede r4 får.

*Stette:* Olle 1 hest 1 okse 16 nød 10 gjeder 16 får. Rasmus 1 hest 2 okse 17 nød 12 gjeder 6 får.

*Engsett:* Peder 1 hest 1 okse 10 nød 6 gjeder 4 får. Tore 1 hest 1 okse 10 nød 6 gjeder 7 får.

*Store Engesett:* Lauris 1 hest 1 okse 12 nød 2 gjeder 8 får. Knud Peds. 1 hest 1 okse 14 nød 3 gjeder 12 får. Nils 1 hest 10 nød 6 gjeder 6 får. Askild 1 hest 10 nød 6 gjeder 6 får. Knud Olsn. 1 hest 8 nød 4 gjeder 5 får.

*Øie:* Olle 1 hest 1 okse 14 nød 8 gjeder 6 får.

*Langnes:* Knut 1 hest 1 okse 3 nød 6 gjeder 3 får.

*Store Fylling:* Siffuer 1 hest 1 okse 10 nød 6 gjeder 5 får. Tosten 1 hest 1 okse 14 nød 12 gjed 14 får.

*Lille Fylling:* Olle 1 hest 8 nød 2 gjeder 2 får.

*Brune:* Steffen 1 hest 6 nød 5 gjeder 4 får.

*Næss:* Knud 1 hest 1 okse 10 nød 16 gjeder 4 får. Peder 1 hest 7 nød 2 gjeder 2 får. Størker 1 hest 8 nød 4 gjeder 4 får. Mickel: 6 kjør.

*Stoerhaug:* Olle 1 hest 1 okse 12 nød 6 gjeder 6 får. Guttorm 1 hest 10 nød 5 gjeder 8 får.

*Oxeskar:* Enken 1 hest 1 okse 6 nød 10 gjeder 12 får.

*Stouffsett:* Lauris 1 hest 10 nød 8 gjeder. Peder 1 hest 9 nød 8 gjeder. Arne 1 hest 10 nød 4 gjeder.

*Skar:* Bendigt 1 hest 7 nød 4 gjeder 4 får Anders 1 hest 6 nød 4 gjeder 3 får.

*Kloksett:* Størker 1 hest 1 okse 7 nød 6 gjeder 5 får. Ellend 1 hest 1 okse 6 nød 6 gjeder 4 får.

*Græsdall:* Siffuer og Anders (buskapen vant. meg).

*Leitte:* Syffuer og Bendigt (buskap hev eg ikkje).

*Steenset:* Olle og Oluf (det same her).

*Muren:* Knud (som ovenfor).

*Merknad:* Den sistnemnde på Erstad vart kalla Oluf Danske i tingbøkene. Fullstendigare avskrift seinare. Det store manntalet 1666 kjem snarast råd.

*Contribusjonsskatt for 1628—29 for Skodje sokn 10 7 1629*

attestert av futen Jens Davidsen på Moldvær med 12 eidsvorne laugrettismenn frå Valfe skibreide. De 12 svorne navne var: Oluf Lauritsen Ebelset, lensmann. 2. Ellend Pedersen Ekornes. 3 Jakob Jensen Ekornes. 4. Knut Olsen Solnær 5. Ivar Olsen Skodie. 6. Arne Arneson Vestre. 7. Oluf Arnesen Tøsse. 8. Knud Siverdsen Valde. 9. Siguer Torsen Vestre. 10. Peder Olsen Setre. 11. Lars Olsen Vige. 12. Jon Olsen Lande.

*Etternemnde betalte 3 Rixdaler og 9 skilling kvar:*

Torsten Fylling
Sæmund Reite
Ivar Skodje
Knud Haugås
Oluf Svertelog
Ingebrigt Apelvald
Vild Langskibsøi
Knut Solnær
Knut Valde
Oluf Honningdal
Gunder Skodje
Knut Skodje
Lauris Flott
Oluf Sverte
Oluf Storhaug
Botolf Digernes
Sigvard Fylling
Oluf Oppeskar
Anders Høivig
Oluf Mørkeset
Knut Stette
Rasmus Stette
Oluf Bietoug
Ingebrigt Stigen
Oluf Skar
Lauris Skar
Olaf Gresdal
Lauris Erstad
Knut Bietoug
Elland Engset
Peder Setter
Ener Ekroll
Sigver Engset
Peder Engset
Oluf Engset
Johanes Engset
Oluf Storfylling
Peder Lillefylling
Knut Langnes
Peder Ekroll,
han betalte 2 Rixdaler

*NB:* 2—3 av ovannemnde høyrde vel til Ørskog sokn.

## *Søndmør Fogderi Matrikul 1667*
## *Skodje soegn*

Hesseberg
2 mand
1½ vog fisk

Saar 3½ tønder — afler 10 tønder hafre. Kan føde 12 nød og 1 hest Brendefang til behof. Kan tiende 1 tønde havre ½ pd. ost. Leding 2½ kalfsk

Heggebakke
2 mand
1 vog 1 pd fisk

Saar 4½ tønder, afler 15 tønder hafre. Føder 18 nød 1 hest. Kan tiende 1½ tønde hafre, 16 mrk ost. Brendefang til behof. Leding 4 kalfsk· Kan skatte af 1½ vog 18 mrk fisk.

Gudmundset
1 mand
1½ vog fisk

Saar 3½ tønder, afler 10 tønder. Føder 14 nød og 1 hest Kan tiende ½ tønde, 1½ mele hafre, 1½-hele byg, ½ pd ost. Smaa sperrer og brendefang til. Leding 3 kalfskind. Kan skatte af 1½ vog fisk.

Noensvig
1 mand
1 pd fisk

Saar 1 tønde, afler 2½ tønder, kan føde 3 nød. Brendefang til. Kan tiende 2 melle hafre, 6 mrk ost. Leding 1 kalfskind. Kan skatte af 1 pd fisk.

Nesvig
af øde ryddet
1 mand

Saar 1 melle, afler 1 tønde hafre Kan føde 3 nød. Brendefang til. Kan tiende ¼ melle, 2 mrk. ost. Leding 1 kalfsk. Kan skatte af 18 mrk fisk.

| | |
|---|---|
| Honningdalsnes<br>1½ vog 18 m fisk<br>1 mand | Saar 2 tønder, afler 5 tønder hafre Kan føde 8 nød og 1 hest· Brendefang til. Kan tiende ½ tønde hafre 6 mrk ost Leding 1½ kalfsk. Kan skatte af 1½ vog 18 mrk fisk. |
| Honningdal<br>2½ vog 18 mrk.<br>5 mand | Saar 8 tønder, afler 25 tønder hafre. Kan føde 24 nød og 3 heste. Brendefang til og sperreskog, ok en ringe sildekast til gården. Kan tiende 2½ tønder hafre, 2 pd 4 mrk ost. Leding 1 gjedskind, 2 kalfskind Kan skatte af 2½ vog fisk. |
| Offuer Glomset<br>2 vog 27 mk fisk<br>3 mend | Saar 7½ tønder, afler 25 tønder hafre. Kan føde 20 nød, 3 heste. Smaa sperre ok brendeskog til. Kan tiende 2½ tønder hafre, 2 pd ost. Leding 2 gjedskind. Kan skatte af 2 vog 27 mrk fisk. |
| Neder Glomset<br>1 vog fisk<br>1 mand | Saar 3 tønder, afler 10 tønder hafre. Kan føde 11 nød, 1 hest Smaa sperre ok brendeskog til. Kan tiende 1 tønde hafre 8 mrk ost. Leding 2 kalfskind. Kan skatte af 1 vog fisk |
| Ytter Vige<br>1 vog fisk<br>2 mend | Saar 4 tønder, afler 11½ tønder hafre. Føder 10 nød og 2 heste. Kan tiende 1 tønde, 1½ mel hafre, 1½ pund ost· Smaa sperre ok brendeskog til. Leding 2 kalfskind. Kan skatte af 1 vog fisk. |
| Indre Vige<br>1 vog 18 mrk fisk<br>1 mand | Saar 5 tønder, afler 11½ tønder hafre. Kan føde 13 nød, 1 hest. Smaa sperrer og brendeskog til. Kan tiende 1 tønde hafre, 1½ mele byg, 1½ pd ost. Leding 2½ kalfsk. Kan skatte af 1 vog, 18 mk fisk. |
| Walde<br>2 vog 18 mrk f.<br>2 mand | Saar 7 tønder, afler 20 tønder. Kan føde 24 nød, 2 heste. Smaa sperrer ok brendeskog til. Kan tiende 1½ tønde, 1½ mele hafre, 1½ mele byg og 28 mrk ost. Leding 1 gjedsk. 1½ kalfskind. Kan skatte af 2 vog, 18 mrk fisk. |
| Haaeimb med<br>Vige eller Nes.<br>2½ vog 9 mrk f.<br>7 mend | Saar 10 tønder, afler 30 tønder. Kan føde 29 nød, 3 heste. Smaa sperre ok brendeskog til. Kan tiende 3 tønder hafre, 1½ vog, 2 mrk ost. Leding 1 gjedskind, 2 kalfskind. Kan skatte af 2½ vog ok 9 mrk. fisk. |

| | |
|---|---|
| Sollner ned<br>Hatlevig<br>2 vog 1 pd f.<br>1 mand | Saar 7 tønder, afler 20 tønder. Kan føde 20 nød, 1 hest. Sperre ok brendeskog sampt et ringe sildekast til. Kan tiende 2 tønder hafre, 2 pd ost Leding 1 gjedskind, 1 kalfskind. Kan skatte af 2 vog, 1 pund fisk. |
| Abellvig<br>1½ vog 18 mrk f.<br>2 mand | Saar 7 tønder, afler 18½ tønder. Kan føde 16 nød, 2 heste. Sperre ok brende skog til. Kan tiende 1½ tønde hafre, 1½ mrk byg, 20 mrk ost. Leding 1 gjedskind. Kan skatte af 1½ vog, 18 mrk. fisk. |
| Waagen<br>1 vog 18 mrk f.<br>1 mand | Saar 4½ tønder, afler 16½ tønder. Kan føde 12 nød, 1 hest. Sperre ok brendeskog til. Kan tiende 1½ tønde hafre, 1½ mele, byg 1 pd ost. Leding 3 kalfskind. Kan skatte af 1 vog, 18 mrk. fisk. |
Det var eit verdfullt arbeid Andreas Langnes gjorde som ordførar i Skodje. Han vart svært ihuga for å få bygt Straumsbrua. Og han var og ordførar i Skodje i dei åra brua vart planlagt og arbeidet vart sett i gong. Det var sterke politiske straumdrag i dei åra, men Andreas Langnes stod fast og planen vart gjennomført til gagn og glede for heile nord-østre Sunnmøre.

Som bygdamann var Andreas Langnes førar, og alle hadde vyrdnad og lydnad for det han sa. I Langnes var det alle som trivdest — i

jolelag eller andre enklare samkomer — t.d. laurdagskveldar når ungdomar samlast for moro og gamle Lars song små visestev, eller spådde i handa til jentene så dei vart raude i andletet, men lo hjarteleg.

Som før skrive heitte mor til denne Lars A. Langnes, Berte Larsdotter fødd Honningdalsnes. Sommaren 1833 var Berte med på Nesjesætre for å hjelpe til med sætrehøyet. Ho gjekk då med barn. Då det leid fram til nonstid, ville Berte heimatt til Langnes for ho hadde ymse gjeremål heime og. Berte fylgde sætrevegen nedover Lia i frå Fannelibøen. Når ho kom midt ned i lia, såg ho seg attende, og sanneleg kom det ein stor bjørn luskande etter henne. Ho auka då på farta, men bjørnen kom nærare etter kvart. Ho var då koma fram på ei lita slette, og der reiste bjørnen seg opp og slo Berte overende med eitt slag. Berte svimte av med det same, men då ho råddest ved seg, såg ho bjørnen dreiv på og grov ei stor hole. Ho skjøna kva bjørnen tenkte på, men Berte la sin plan. Kvar gong bjørnen var under grastorva med hovudet, tok Berte av seg sine klede og la dei over ein høg, smal stein som stod like ved der ho låg. Men dette måtte gå fort. Når bjørnen såg opp, såg han kleda til Berte på steinen og trudde då det var kona som han ville grave ned. Berte passa på at ein gong bjørnen var svært djupt i hola med hovudet, sprang Berte heimover mot bygda alt ho orka, og kom seg til folk som tok vare på henne.

Fleire mann gjekk då på skogen med ei børse og øksar for å prøve å avlive udyret. Dei gjekk dit Berte fortalde at ho var slegen av bjørnen, dei fann hola bjørnen hadde grave, og dei fann og kleda til Berte som ho kasta over steinen, men dei var sundrivne. Men kona og barnet var berga. Denne steinen har sida vorte kalla Kjerringsteinen, og den står der enno.

*E.F.*

## *Sjur-ætta i Skodje — ei retting*

I «Stamtavle for Sjurætta i Skodje, utarbeidd av K. J. Tennøe er der ein enkel feil, som forandrar på så mykje. Som me veit kan lita tue velte stort lass.

Me skal vere merksam på at den tid K. J. Tennøe arbeidde med desse ting, var det ikkje så lett å tileigne seg arkivmateriell som det er i dag. Og med det vidfemnande stamtavlearbeid som K. J. Tennøe utførte, var han truleg avhengig av mange muntlege kjelder. Og då skal det ikkje stort mistaket til før fylgjene vert store.

K. J. Tennøe skriv i si stamtavle at Halvor Skrednak (Skaue) vart gift med Marit Merok i frå Geiranger. Og at dei kjøpte seg gardsbruk på Skaue (Skodje).

Men tilfelle er at kona til Halvor Skrednak var frå Sjurgarden på Skodje. — Og den fyrste stamfaren til ætta som eg med visse kan finne attende til etter kyrkjebøkene for Skodje, og andre kjelder er:

1. *Sjur Pedersen Indre Skoie* (ca. 1687—1758) brukar i Sjurgarden på Skodje. Og er truleg den Sjur som garden har namn etter. Han var i 1712 gift med Ragnille Olsdatter NedreSkoie. — Og av deira born som eg har funne fram til er: 1712 Ole, 1716 Lars, 1720 Joen, 1723 Marte, 1728 Anne.

   Ole vart i 1739 gift med Karen Thorsdatter Halvardsæter. (1702—1754). Og i 1756 2. gang gift med Karen Jakobsdatter. Dei budde først i Indreberg og seinare på Stige, men kvar det så vart av dei, er uvisst.

   Marte vart gift med Ole Olsen Salkjelsvik, og dei bygsla i 1758 garden Voldsdalsnes i Borgund.

   Joen og Anne har eg ikkje funne meir om.
2. *Lars Siursen IndreSkoie (1716—?)* brukar i Sjurgarden. Gift ca. 1742 med Siri Pedersdatter, truleg frå Amdam i Ørskog. Og dei hadde desse borna: 1743 Ragnild, 1745 Peder, 1747 Ragnild (den fyrste Ragnild var truleg då død), 1750 Anne.

   Anne vart i 1781 gift med Lars Larsen Kobbervik, g i 1786 2. gang gift med Peder Mortensen Strømsholm.

   Ragnild veit eg ikkje meir om.
3. *Peder Larsen IndreSkaue (1745—?)* brukar i Sjurgarden. Vart i 1775 gift med Kirsten Andersd. Skuldstad. Og dei fekk desse borna: 1776 Marte, 1780 Anne Kanutte, 1788 Mette.

   Anne Kanutte vart i 1805 gift med Bernt Ellingsen Vadset. Mette veit eg ikkje meir om.
4. Marte Pedersd. Indre-Skaue (1776—1885) vart så i 1801 gift med Halvor Jakobsen Skrednak (1774—1833). Han tok som vanleg på den tid namn etter bustaden — Skaue — og dei vart brukarar i Sjurgarden. — Og som stamtavla til K. J. Tennøe syner, fekk dei desse seks borna:

   Lars Petter Skaue (1802—1887) gift 1830 med Marte Gurine Olsd. Søvik frå Ørskog (1801—1879).

   Jakob Martinus (1804—1872) gift 1832 med enke Stine Petrine Pedersd. Stor-Engeset (1802—1884).

   Arne Petter Martinus (1807—?) gift 1838 med Synnøve Andersd. Tennfjord (1812—?)

   Elisabeth Mette Maren (1815—1898) gift 1844 med Nils Peter Larsen Nedre-Skaue (1814—1906).

   Jesper (1819—1871) gift 1849 med Oline Larsd. Ytre-Ekrol (1824—1858).

Vi skal og ta med litt om Halvor Jakobsen (Skrednak) Skaue si ætt. — Hans besteforeldre på farsida var Gunder Olsen Muldal (ca. 1717—1800) og Marte Olsd. Dalhus. Dei var brukarar i Muldal i Norddal. Av deira born er kjend: 1739 Anders, 1741 Jakob.

Anders vart 1775 gift med enkje Tyri Larsd. Skaue Reiten, og busett på Skodjereite.

Jakob vart 1861 gift med Else Knudsd. Rødal, og dei vart brukarar på Skrednakken i Norddal.

Av borna deira veit ein om desse: 1761 Gunder, 1863 Knut, 1766 tvillingane Gunild og Gunnelle, 1769 Gunder, 1771 Marte, 1774 Halvor 1776, Magnus, 1779 Ragnilde, 1781 Ole.

Den første *Gunder* døydde alt i 1765. Den andre *Gunder* døydde ugift i 1798. *Magnus* døydde ugift i 1802. *Gunelle* døydde som spedbarn. *Ragnhilde* veit eg ikkje kvar ho vart av. *Knut* vart gift med Ragnhild Rasmusd. Smoge, og dei vart brukarar på Skrednakken. *Gunild* vart gift med enkjemann Arne Thorstens. Tafjord, og dei vart brukarar på Engeset i Norddal. *Marte* vart gift med Elling Olsen Berge, og dei vart brukarar på Berge i Norddal.

*Ole* vart i 1818 gift med gardjenta Anne Kanutte Jetmundsd. Indreeller Øvre-Skaue. Og blei brukar på den garden som i dag vert nemnt «Madsgarden» eller «Røane». — Men tidleg våren 1824 då Ole skulle gå vassisen frå Vadset og til Barvikane, gjekk han gjennom isen og omkom.

Og *Halvor* vart som vi veit gardbrukar i Sjurgarden.

Tar vi så fantasien til hjelp, kan det ligge nær å tru at det var farbroren på Skodjereitane som gav dei to brørne Halvor og Ole på Skrednakken eit vink om at her var to giftande gardjenter på Skodje.

*O. St.*

## *Straumsholm*

Som ei kjempestor høysåte reiser den seg or sjøen i Skodjestraumen, holmen. — Stupbratt i sjøen mot nord. Noko slakkare på aust- og sørsida. Og mot vest har den som på slep eit steinut nes som hallar mest jamt ut mot sjøen.

Og den er den største av dei tre holmane i sundet.

Ein gong under forminga av jordskorpa har denne formasjonen av granit skote opp anten som vulkan eller ved jordfolding. For fastlandet både på sør- og nordsida er av anna fjellslag.

Og ein gong under den siste istid har storisen som skura landet på sin gang vestover mot havet, reve med seg steinane som har forma neset mot vest.

Kor lenge her har vore fast busetjing er uråd å vite. Men ingen ting tyder på at den er særleg gammal. — Det seier seg sjølv at den omfløddе holmen med stri straum til fastlandet, freista lite til busetjing. Og heller ikkje er viddene så store at det kunne bli noko jordbruksdrift å lite på.

Men sikkert har mang ein sjøfarande — anten han kom frå fjordane og skulle ut mot havet, eller den motsette vegen — heller tatt den

lune leia gjennom Dragsundet—Straumen og Nørvasund, enn den strie og harvere Flisfjorden. Og like sikkert har mange av desse søkt land her for å kvile handa, i påvente av høveleg straum.

Under slike høve ligg det nær å tru at det ville verte ein losjistad her. Og visst er det og at her tidlegare var brennevinshandel·

I dagleg tale vert Straumsholmen nemnd «Kasholmen». — Det har vore hevda at det kjem av at ein som heitte Cahrs dreiv brennevinshandel her. For min eigen del har eg ikkje funne det namnet i noko høve i samband med folket som har budd her. Men det kan vel tenkjast at ein Cahrs har finansiert handel på Holmen.

I areal kan vel holmen vere ca. 20 mål, men det som har vore dyrka mark, kan vel vere ca. 5—6 mål. Og ligg oppe på flata, og i bakkane ned til sjøen i aust.

I vårt århundre — i Gunnar Gundersen si tid — fødde ein tre kyr og nokre sauer. I tillegg hadde ein korn og poteter. Straumsholm hadde rett til ved og brennetilfang i Svorta si utmark. Og der hadde dei og beiterett.

Husa har vore ned ved sjøen på austsida, og på flata uppe på holmen. Og dei siste bustadhusa stod der oppe.

Vatten var å finne i ei oppkome der oppe, men den tørka mykje ut då tunnelen skar hol gjennom fjellet·

Men heilt til langt fram i vårt århundre var det i straumane rundt holmen, ein fiskerikdom som i matvegen var eit stabbur for folket som har budd her.

Matrikkelbruket Strømsholm gardsnr. 31. Bruksnr. 5. Skyld 1791: 1 Ort — 16 skilling. Revidert 1890 til 0,57 skyldmark.

*Eigarar:*

Det første ein finn i pantebøkene om holmen som matrikulert eige, er i skifte etter madam Høegh av Solnør i 1791. Då fall dette bruket til Christen Wallin.

I 1818 skøyte frå M. Danholm til Peder Nikolai Pedersen Nes, (Ulsta-Pe) for 40 spesiedaler.

I 1849 skøyte frå Peder Pedersen Nes til Christen Olsen Sorte for 130 spesiedalar.

Holmen vart no i Kristen-garden på Svorta sit eige fram til 1910. Gunnar Gundersen Strømsholm fekk då skøyte på holmen frå Kristen Olsen Sorte for kr. 1050.

I 1938 selde Gunnar Gundersen Strømsholm til Sverre Nilsen Strømmen som då fekk skøyte på holmen.

Sverre Nilsen Strømmen selde så til Karl E· Grindvik, som fekk skøyte på holmen i 1953. Og Karl Grindvik er den noverande eigar.

*Brukarar:*

1. Peder Olsen Strømsholm (ca. 1668—1728) gift med Mali Rasmusd. (ca. 1680—1739). Dei fekk i 1720 dottera *Berte* og i 1724

*Synneve*. Kvar det vart av desse borna då dei så tidleg vart foreldrelause, veit vi ikkje. Men truleg døydde også dei som born.

På same tid har der og budd ein annan huslyd:

2. Størker Guttormsen Strømsholm (ca. 1677—1743) gift med Synneve Iversd. (ca. 1670—1768). Dei fekk i 1714 sonen *Guttorm*.
3. Guttorm Størkersen Strømsholm (1714—1768) gift 1758 med Marte Larsd. Vatnehaug (1721—1760)· Marte Larsd. døydde i 1760 på barnseng med ei dotter som også døydde. — Og Guttorm Størkersen gifte seg oppatt same året (1760) med Brite Fransd. Kromsvåg i frå Volda (1718—1797). — Og då Guttorm Størkersen døydde i 1768, gifte Brite Fransd. seg oppatt i 1769 med Jørgen Rasmusen Rendal i frå Nordfjord. — Jørgen Rasmusen døydde i 1801 som legdslem.
4. I 1784 kom til Holmen Lars Larsen Kobbervik (1745—1784) og kona Anne Larsd. Indre-Skaue (1750—1831). Ho var frå Sjurgarden. — Dei var gift i 1781. Lars Larsen var frå Honningdalsnes. Dei budde først i Svortehaugen, og fekk der borna: i 1781 Rafael, men han døydde same året. Og i 1783 Ragnhild Severine. — Dei flytta så til holmen. Men alt same året som dei flytta døydde Lars Larsen. Og Anne Larsd. vart i 1786 atter gift med Peder Mortesen Sirdal (1760—1828)· Dei fekk desse borna: 1786 Larine, 1790 Morten, 1794 Lars.

   Larine Pedersd. flytta i 1816 til Ørskog. — Morten døydde i 1809. Lars veit eg ikkje kvar han vart av.
5. I 1812 kom Jetmund Jonsen Lid få Ørskog (ca. 1787—1877), og gifte seg med Ragnhild Severine Larsd. Strømsholm (1783—1854). Og dei vart no brukarar på holmen, og fekk desse borna: 1812 Severin, 1815 Peter Andreas, 1818 Gjertrud Severine, 1821 Martinus Ole, 1824 Dortea, 1830 Ole Britanus.

   Severin Jetmundsen vart gift med Berte Amundsd. frå Hjørundfjord, og dei busette seg på Heissa.

   Martinus Ole vart og gift med Berte Amundsd., då ho tidleg blei einkje. Dei vart handelsfolk i Ålesund.

   Peter Andreas vart gift til Petter-garden på Fylling, Skodje. Dortea døydde ung.

   Ole Britanus vart gift med Johanne Nilsd. Sperre, og dei busette seg på Valderøy·
6. I 1854 vart Gunder Nilsen Strømmen (1823—1908) gift med Gjertrud Severine Jetmundsd. Strømsholm (1818—1903). Dei vart no brukarar på holmen, og fekk desse borna: 1854 Nikoline Regine, 1859 Gunnar Karolus, men han døydde same året. 1862 Gunnar Johan. — Gunder Nilsen var felespelar. Og han var til Kristiansund og kjøpte fele av den vidkjende felemakar Lars Hoem. Fela var laga i 1850. Musikaren Anders Gjendem som har samla og katalogisert dei fleste av Lars Hoem sine feler, skriv at det var eit

godt instrument som hadde ein særs mjuk og fin tone, men endå høyrdest ho i samspel over alle andre feler. Edvard Grindvik fekk fela i 1900 av Gunnar Gundersen. Men ho er no diverre i dårleg stand.

7. Både Nikoline Gundersd. (1854—1938) og Gunnar Gundersen (1862—1939) var begge ugifte. Dei brukte holmen til dei vart gamle folk, og dei var dei siste brukarane som levde og døydde på holmen.
9. Etter Gunnar og Nikoline budde så Sverre Nilsen Strømmen på Holmen med sin huslyd. Og Gunnar hadde pass og pleie av dei til han døydde.

Men den nye tids krav gjorde det vanskeleg å bu der. Elektrisk kraft var der ikkje. — Vatn var det så lite av at i tørkerier måtte vatnet berast lang veg. — Også eit omfattande vegarbeid måtte til Så i 1950-åra vart holmen fråflytta.

Og etter at den kom i Karl Grindvik si eige, er holmen nytta som krøtterhamn.

*O.St.*

## *Ein Lagnad — Petra Ytrevik til minne*

Dei var ikkje fleire syskjen. Det var dei to systrene Petra og Berte. Og dei første lykkelege barneåra hadde dei heime hjå mor og far.

Men alt då ho Petra var 16 år — ho Berte var ikkje meir enn 12 — måtte dei prøve kva sorg var. Då døydde far. Det faste haldepunktet i heimen var borte. Men livet måtte gå vidare. Og dei heldt saman og dreiv det vesle bruket i Ytrevik.

Ti år etter at dei fylgde far til grava, måtte dei gå den same vegen med mor. Og såret i hjarta var vel like vondt som då far gjekk bort. — Men for Petra hadde det hendt noko underleg. Den staute karen borte frå Løvoll hadde teke handa hennar og spurt om ho ville verte kona hans. — Så saman med sorga blanda det seg ei underleg lukke — for han var så snill og god han Karl. Og så var han så sterk og strevsam.

Og så kom borna. Alt året etter fekk dei han Peter, som vart kalla opp att etter mormor si. Og tre år seinare han Elias, som var kalla opp att etter farfar sin. — Og så vesle Lovise — ho kom jamt året etter. Ja, det var ei lukkeleg tid.

Han var sju år — eldsteguten — då han fekk denne leie hosten som ikkje ville gje seg. Og så vart han så bleik og slapp.

Vesle Elias fekk det på same måten — ikkje ville dei ete heller.

— Dei kjende sjukdomen. Hadde sett det med så mange. Kjære Herre Gud! Lat borna våre få leve! — for det hende det og at dei kunne kome seg — bli bra att. — Ikkje alle døydde — ville dei tru i alle fall.

Men hausten 1916 — den tid lauvet gulnar — gjekk dei same veka to lange vegar ho Petra og han Karl. — Først var det han Peter og så vesle Lovise som måtte leggjast til kvile på kyrkjegarden på Skodje.

Like fram under jul var det Elias dei måtte gå den same vegen med.

Ho Petra måtte vere att heime då. For ei ny lita Lovise var komen til verda. — Ei gåve frå himmelen var ho. — Sjølv om hjarta blødde av sorg, så var ho som sol i ei mørk natt.

Men ho hadde vorte så underleg ho Petra. — Så vaktsam, var det noko med søstra ho Berte? — alle kunne då bli noko krimsjuk av og til.

Men etter kvart visste ho det ho Petra. Og like etter at folk hadde ynskt kvarandre godt nyttår i 1920, sovna ho inn også ho Berte.

Men året etter steig dag fram or skuggen på ny, då endå ei lita jente vart fødd og fekk namnet Berte.

Åra gjekk. Men like vaktsam var ho Petra. — Stakkar, det er synd på henne Petra, sa folk — ho har vorte så *inneslutta*, men så har ho no *prøvd* så mykje.

Lovise og Berte voks til. — Men angsten låg der hjå Petra alltid. Og det ho var mest redd for hende atter. Julaftan 1931 fylgde dei Lovise til grava. Ho hadde fylt 15 det året. Petra hadde gråte frå seg. Ho hadde ikkje fleire tårer att. — Men dei hadde då att ho Berte.

— Og ho fekk leve til åra i den siste verdskrigen. — Krig eller fred — betydde så lite for Petra og Karl då dei fylgde ho Berte til grava.

— Dei var fattige no — hadde mist alle. Den største rikdomen var fem barnegraver. — Og så hadde dei kvarandre.

Endå ein gong gjekk Petra den tunge vegen. I 1953 fylgde ho han Karl til vegs ende her på jord. No hadde ho ikkje noko å ottast for meir. Det var ikkje nokon att som ho kunne misse.

Ho er så inneslutta ho Petra, sa folk — ho er liksom så — men så har ho prøvd så mykje.

Si siste tid fekk ho pass og pleie av kjærlege hender på Aldersheimen. — Og 1. mai 1974 fekk ho sovne inn. Og fekk kvile mellom ni andre som hadde høyrt henne til.

*O. St.*

## *Husmannsguten Erik Nilsen Bø, Lom*

Han var fødd 1820 og voks opp på ein liten husmannsplass i Lom. Det var trongt på plassen og trongt om «brødet» der oppe og, i den tid. Foreldra brukte ein liten husmannsplass, men bygsleleiga var så hard at det var snart ingen som kunne bygsle. Faren, Nils, måtte i bygsel arbeide fem dagar i veka for ei avtala betaling «in natura» for jordeigaren, og den 6. dagen fekk han arbeide til seg sjølv. Betalinga kunne vere litt korn eller poteter eller kjøt, skinn, hud eller bork eller ull.

For folk med born vart dette vanskeleg, og det vart svært få som bygsla på nytt. Og å få kjøpe var ikkje råd. Erik fortalde sjølv at når han var 24 år, var han trulova med ei ven jente frå same bygda og var tenkt å gifte seg. Ho var og frå ein husmannsplass, og der var og for trongt om plassen og ikkje noko å leve av. Å få dagarbeid, var mest umulig då der var mange som ikkje hadde noko visst arbeid. Av den grunn var det ein og annan ungdomen som drog over fjellet vestover for å prøve lukka der. Og merkeleg nok, dei som reiste vestover, flytte ikkje attende.

I 1855 gifte Erik Nilsen Bø seg med nabojenta Synnøve Hansdotter, ei svært vakker og flink jente. Dei hadde først tenkt å vere der i Lom for der var så vakkert, men det syntest då å vere lita framtid. I 1859 fekk Erik og Synnøve seg ein liten gut, og han vart døypt Nils. Då denne guten voks litt, såg dei at eine foten ikkje var som den andre, og han måtte tidleg lære å bruke stav når han gjekk. Dette var tungt for foreldra. Synnøve og Erik byrja tenkje på å «leite» etter ein stad der dei sjølv kunne bygge og bu.

Våren 1864 var dei samde om at Erik måtte prøve å få lag med einkvan som var i same stode som dei, og som kunne tenkje seg å gå Grotlia så tidleg som mulig første sommar. Det lukkast. Dei var tre mann som drog vestover Grotlia og kom til Geiranger. Der høvde det bra, dei fekk vere med ein 3-røring som skulle til Ålesund. Denne fekk dei vere med til Amdam. Turen gjekk bra, men det var vanskeleg om arbeid. Erik Nilsen Bø var komen til Skodje, og hadde ennå inga von. Men her fekk han eit vink om å gå til Fylling, for Elias Johnsen Fylling hadde nett flytta til nytt tun, og truleg hadde han endå mykje å gjere. Erik fekk treffe Elias Fylling, og der vart avtale om feste av ein husmannsplass «Teinhaugen», til rimeleg avgift, og dertil fekk Erik tilsagn om arbeid i den første tid, når han fekk seg opp eit lite hus til å bu i. Erik vart svært glad og reiste heimatt til Bøverdalen for å hente kona og guten snarast råd. Men før dei kom seg heimanfrå i Bøverdalen, kom hausten med snøver og dekte Grotlia, så det var heilt umuleg å legge i veg då. Dei måtte vente til neste år.

Like over jonsok neste år prøvde dei over Grotlia, Erik, Synnøve og den vesle Nils, som måtte bruke stav heile vegen. Det vart 90 km å gå frå Bøverdalen til Geiranger, så det var utruleg at dei kom igjennom, for dei bar med seg alt dei eigde. Då dei kom til Geiranger, fekk dei overnatte i ei løe og fekk kvile seg godt ut. Frå Geiranger fekk dei så vere med nokon på båt som skulle ut fjorden, og dei vart med til Amdam. Frå Amdam vart det så å gå til Fylling, om lag 20 km. Dei kom heilt utarma til Fylling, trøytte, svoltne og utan mat eller pengar. Ein må tru dei vart leidde av ei hand som visste meir enn dei sjølve, for dit dei kom, var det både evne og vilje til å hjelpe slike. Her fekk dei seg mat og hus, til dei fekk bygge opp ei lita gammal husmanns-

stove som nett då vart ledig. Erik sette opp murar til stova og den vart fort flytta. Så tok han i veg med å bygge fjøs av stein, med ei lita løe over fjøset. Erik tok då namnet Fylling. Stova var knapt 4 x 4,5 meter med loft over. Der var ein inngang, mindre enn 2 x2 meter ved sida av den var kjøken med grue av gråstein, og golv av store gråsteinheller, og så ei dør direkte ut på garden. Mot aust var det eit lite vindu med seks små glasruter, under dette ein høg benk av to bord. Frå gangen gjekk ei bratt tropp opp på loftet, der oppe låg borna etter kvart dei voks, og då Sivert vart utlærd til skreddar, var det der han hadde «verkstad» og soverom. Sivert var flink skreddar, men var vanfør, så han måtte bruke både krykkje og stav. Han hadde mykje arbeid, men det var ofte vanskeleg å få pengar, for det var mangelvare hjå folk.

Etter kvart som dei fekk i stand hus, dyrka dei litt jorda så neste vår fekk dei setje litt poteter og så nokre skåler med havre, seinare sådde dei bygg og. Etter nokre år fora dei to kyr og to sauer. Første våren tok Synnøve til å plante og pynte rundt stova, for den var deira, og denne staden rådde dei over. Ho planta ein hegg vest for stova, den vart stor og svær. Så planta ho ein hyll, som levde lenge etter at folket flytta derfrå. Ned med den vesle steintroppa til inngangen planta Synnøve reinfann, påske- og pinseliljer og mange andre vakre blomar. Desse levde lenge etter at begge, Erik og Synnøve var døde, minnet skulle leve. Det vart og planta mange bærbuskar, stikkelsbær, solbær, raud og kvit ripsbær og kirsebær. Å, der var så vakkert på denne plassen, og så lunt i denne vesle stova, om alt var svært enkelt og heimelaga. I stoveglaset stod oftast 2—3 store flasker med vatn i. Og dette vatnet var det 3—5 iglar i kvar flaske· Desse iglane brukte Synnøve setja på folk som hadde verk eller vondt nokon stad — t.d. hoven i andletet av tannverk eller anna verk. Og merkeleg nok var det mange som fekk hjelp. Og Synnøve fekk seg nokre ører for dette. Men så var Synnøve så snill og blid mot alle, at sjølv om dei hadde verk, så vart dei betre når dei møtte Synnøve. Ho var som ein solstråle alle dagar. Eit gudfryktig menneske, som kunne takke Gud for både motgang og medgang.

I heimen deira voks det opp desse borna:

1. Nils født 1859 i Lom. Han var svært stutthalt og måtte bruke stav. Før han var konfirmert, måtte han ut og tene. Han kom seinare i skomakarlære, og vart ein flink skomakar på Skodje. Hadde læregutar. Bygde hus saman med broren Hans. Dette huset står ennå, men er mykje fornya. Nils vart gift i 1925 med Bergitte Krogsæter. Dei hadde ikkje born.
2. Ivar Bendik, født 1868, sjømann, døydde tidleg.
3. Anne Sofie, født 1871, død 1871, heimedøypt av Peder Johnsen Fylling.

4. Sivert Hans Andreas, født 1872, vanfør, måtte bruke krykkje og stav. Vart flink skreddar og hadde loftet i Teinhaugen til verkstad og soverom. Han døydde i 1916. Ugift.
5. Hans Jakob, født 1876, måtte ut og tene som 12-åring. Kom seinare i smedlære og vart ein svært flink ildsmed og mekanikar. Han vart mykje nytta i kravfullt arbeid. Hans vart gift 1899 med Berte Eidsvig, og dei fekk desse borna:

   Erling, 1903, elektrikar, gift med Jenny Roald, ikkje born.
   Selma, 1901, gift 1926 med Johan Klokk, Fjørtoft.
   Synnøve, 1900, gift med Karl K. Gamlem.
   Peter, 1905, gift 1927 med Anna Løkegård, Valderøy. Han var målar.
   Sivert, 1907, elektrikar, verkstadeigar, bor på Skodje. Gift med Anne Sivertsdotter Beite 1939. Dei har tre born·
   Hans Birger, ingeniør, 1940.
   Kirsti, adjunkt 1945.
   Sølvi, siviløkonom, 1952.
6. Johan Edvard, født 1876, måtte ut og tene som 12-åring, først i Græsdal, så på Vatne. Som vaksen fekk han gå underoffiserskulen, og vart brannkonstabel i Ålesund. 1930 gift med sjukesøster Helene Roald, og flytte til Solhøgda, Skodje. Ikkje born.

Det vart berre Hans som hadde ættlingar etter seg. Hans og Nils bygde seg eit hus i lag, og til å byrje med hadde dei og kvar sin verkstad i huset. Nå er huset fornya og er berre bustadhus. Verkstad har vore på Vatne. Som før nemnt var alle gutane til Erik særs mykje flinke handverkarar, og denne givnaden finn ein att i alle ættegreiner etter Hans no og. Nøyaktige i arbeid og pålitelege.

I dei siste åra Erik og Synnøve var på husmannsplassen på Teinhaugen, var dei sjukelege og hadde vanskeleg for å greie seg sjølve. Dei fekk noko tilsyn no og då. Erik var plaga av astma, og Synnøve var skral, men rusla oppe.

Ein sommar i slutten av august (like før dei flytte) stod eg grytidleg ein morgon like nord for stova deira og slo. Det hadde regna i lenger tid og vore vanskeleg om høytørk. Men den morgonen klarna det opp, og eg hadde von om høyterre. Fyllingselva rann like forbi meg med noko elvasus. Sola heldt på å kome seg over fjelltoppane, men regn- og doggdråpar hang i lauvskog og kratt som perlekransar. Så høyrde eg kjøkkendøra til Synnøve riksa i hengsla og ut kom Synnøve ruslande, roleg, sakte, andletet vendt mot Gamlesæternakken der sola nett var komen over og sende sine gyldne strålar og skapte perlekransar.

Synnøve såg også dette vakre synet — ho trudde ho var åleine — ho folda hendene, vende andletet mot himmelen og takka Gud for at Han endå ein gong hadde gjeve henne ein så fager dag, og for den

store miskunn mot henne. Så rusla ho roleg, med bøyd hovud, inn att på det primitive kjøkkenet.

I mars månad 1916 døydde både Erik Nilsen Fylling og Synnøve Fylling på Skodje gamleheim. Sønene tok del i kostnadene der. Året etter vart stova seld.

Men fleire år etter at stova var flytta hende det sommardagar at ein såg Hans eller Johan rusle rundt på Teinhaugen, og dei liksom «bladda» tilbake i barndoms- og ungdomsminner i tunet, ved elva, ved løken, ved brua, ved vatnet.

*E.F.*

## *Skodje Bygdemagasin*

I dei mange år, i 1600 og 1700 og 1800- talet med krig og uår, vart det ofte stor naud og sjukdom hjå folk, og dei styrande kunne lite eller ingenting gjere. Men dei såg tidleg at var der skipa kornmagasin i dei ymse bygder, kunne ein då lagre korn i gode år, eller om mogleg få innført korn til fordeling. Amtmann Even Hammer i Romsdals Amt arbeidde for dette, og sameleis Fogden i Sunnmøre, A. Landmark, var mykje ihuga for kornmagasin, og skreiv 16. september 1815 til fleire lensmenn om denne sak. Det vart då skipa ymse kornmagasin, t.d. Herøy. Kva tid det første kornmagasin vart skipa i Skodje, har eg ikkje dato for, men i brev av 18. januar 1817 ser ein at fogden Landmark sette som vilkår til gardbrukarane på Sorthe, for å få løyve til å bygge si sag oppatt, at dei skulle betale årleg 1,5 tønne såbygg til Skaue bygdemagasin. Dertil årleg 8 riksdalar til Solnør sag. (Sorthe sag vart i året 1687 dømt til riving.)

Eit lite hus, som ein gong skal ha stått i nærleik av prestehusa, fortel sagnet at dette har vore brukt til magasinhus for korn. Omkring 1920 vart dette huset kjøpt av Hans E. Fylling. Det var då rive, men lagt bra saman så det kunne oppattsettast. Huset var om lag 2,5 x 3 m, med ein god bite i, og i den er det skore med kniv: E. R. B. M.D.C.C.C.X.I.C. (Dette tyder 1819). Huset vart sett opp att av Hans Fylling like ved hans stovehus, og vart nytta som hønsehus. Huset står enno.

Skodje Bygdemagasin sin protokoll viser kva grunnlag magasinet var skipa på. Eit større hus vart oppsett på Skodje (truleg på Korsvegen), og vart mykje nytta. Peder Johnsen Fylling har år 1853 notert i almenakka: Magasinbaat 25. april 1853.

Etter kvart som samferdsla vart betre, så vart det og fleire handelsmenn som handla på korn og mjøl. Av desse grunnar vart det mindre turvande med Bygdemagasin. Bygdefolket var samde om å realisere både huset og lageret. På auksjon, som vart halde på Fylling den 19. juni 1855, vart magasinhuset selt til Britanus Fylling for 2 spd. og 2

skilllng. Britanus brukte huset som bustadhus på bygselplassen «Nygjerdet» på Fylling. Britanus med huslyd flytte frå bygselplassen 1924, og huset vart då rive.

Skodje og Vatne hadde kvar sitt Bygdemagasin, med eit grunnfond på til saman 305 dalar og 24 skilling. Skodje og Vatne kommunestyrer var samde om å søkje kongen om løyve til å nytte desse fonda til grunnkapital for ein planlagt sparebank for Skodje og Vatne. Godkjenningsvedtaket er datert 11. april 1863.

*E.F.*

# Protocoll:

For

## Skiøtte Sogns, Ringkiøbing Amt

Gaarden Ims Sognefogder er i Vor Gaard
Brugere Der have boerat Indsiddere i Maja
Sinck i 8te Aar hinanden følgende Aar ovenfor
Aar 18[te] Maaneder Byg og Byg nerpsund og
Maaneder Havre havde i 8[te] Aar Indsiddere i
Alt 272 Voger Byg og Byg i 3[te]
Tilsammen 725 Voger Blandsæd

Ved Sidste Regnskabs Revision blev tagt til
Voger Byg allerede sammen med Regnskabet for
Aaret 1824 278 Voger Byg og Byg i
Tilsammen 131 Voger Byg

Christen Olsen Sorthe
formand



| Gaardens og Indsiddernes Navne | Byg | Havre |
|---|---|---|
| Ims Gaard Mathias Iversen Carlsen | — | 18 — 1 3 6 |
| Vesterfælled 2. Christian Knudsen | — | 18 — 1 6 |
| 3. Ole Arnesen | — | 18 — 1 6 |
| 4. Anders Christensen | — | 18 — 1 6 |
| Vestergaard 5. Thomas Paulsen | — | 18 — 1 6 |
| 6. Jacob Ingebrigtsen | — | 18 — 1 6 |
| 7. Knud Leonhardsen | — | 18 — 1 6 |
| Østergaard 8. Jørgen Jensen | — | 18 — 1 6 |
| 9. Jens Pedersen | — | 18 — 1 6 |
| Nørregaard 10. Christen Hansen | — | 18 — 1 6 |
| 11. Peder Knudsen | — | 18 — 1 6 |
| 12. Knud Pedersen | — | 18 — 1 6 |
| Vesterhuse 13. Jørgen Jørgensen | — | 18 — 1 6 |
| 14. Jeger Knudsen | — | 18 — 1 6 |
| 15. Sørensen Knudsen | — | 18 — 1 6 |
| Mellemhuse 16. Peder Olsen | — | 18 — 1 6 |
| 17. Jacob Jacobsen | — | 18 — 1 6 |
| 18. Sørensen Skelly | — | 18 — 1 6 |
| 19. Erik Hansen | — | 18 — 1 6 |
| Nørhuse 20. Jeger Pedersen | — | 18 — 1 6 |
| 21 Jeger Peder Jørgensen | — | 18 — 1 6 |
| 22 Salve Madsen | — | 18 — 1 6 |
| Lillefjelling 23. Jens Arnesen | — | 18 — 1 6 |
| Langneg 24 Ole Christensen | — | 18 — 1 6 |
| Strømmen 25. Knud Carlsen | — | 18 — 1 6 |
| Storfjelling 26. Jens Pedersen | — | 18 — 1 6 |
| 27. Knud Knudsen | — | 18 — 1 6 |
| 28. Søren Pedersen | — | 18 — 1 6 |
| | 7 V — | 11 V 2 B — |

| | | |

# HYTTER OG FRITIDSHUS I LAFTET TØMMER

Også med:
Bolighus – Restauranter – Moteller – Hoteller – Kirker – Muséer – Stabbur – Feriegårder – Utleiegrender.

**KORDINOR**
5000 BERGEN

Kontakt vår distr.repr.
**INGEBR. BERG**
6220 Skodje

**Vi produserer garndinbrett og lister**

m/ass. mønstre - beiset og trekvite i forskjellige utførelser

**Rosetter og deler til stilmøbler**

**Ornamerterte lister for møbel-industrien**



*Engesetdal Trevareindustri*

6260 SKODJE

Tlf. 427 — 646 ØRSKOG

# KOM OG SE

vår store MØBELUTSTILLING i vårt siste nybygg.

Vi har funnet fram til mange suksessmodeller. 30 år i møbelproduksjonen har skaffet oss erfaringer.

I tillegg til egenproduksjonen stiller vi et allsidig utvalg fra samarbeidende fabrikker. .

Nå også i komplett utstilling av hytte- og peisestue-møbler fra TRØNDERMØBLER A/S.

★

Du er alltid velkommen til

*Skodje Fabrikker A.s*

# *Uhlens Transport A.s*

GODSBILRUTER

Ålesund — Oslo

Ålesund — Bergen

Ålesund — Trondheim

Ellers:

KJØLEVOGNER — SEMITRAILERE

for transport i inn- og utland

Telefon 24 888 Ålesund

# *Tema Møbler A/S*

6260 SKODJE — Tlf. 686

Produksjon av STILMØBLER — SALONGER

KOMPLETTERINGSMØBLER

---

PETER
STETTE & SØNNER AS
MEK. VERKSTED — STETTEVIK

**Reparasjoner — Service**

på

**Traktor - Truck - Anleggsmaskiner**

**Stålkonstruksjoner**

Tlf.: ØRSKOG (55 000) 5032 - 6264 TENNFJORD

M.J. Ødegaard

Etablert 1916

ÅLESUND

*Engros*
PAPIR-POSER
KORTEVARER
BØLGEPAPP —
POSEFABRIKK
Sentralbord 22 836

BERGING
SLEP

LEKTER-
TRANSPORT
Sentralbord 21 942

KUNSTGJØDSEL — KRAFTFOR —
FRØ — SÅKORN
LANDBRUKSMASKINER
LANDBRUKSREISKAP
TRAKTORAR — SPRØYTEMIDDEL

***Møre Felleskjøp***

Sentralbord 25 940 - Ålesund - Kornsilo og mylne
Verkstad Ratviksvingen — Tlf. 44 035

# Godt å vite

om Sunnmørsbanken
-den aktive lokale bank
med solid forankring i ditt distrikt

Sunnmørsbanken a|s

## Skodje Samyrkelag

med sine tre nærbutikker, er bygdefolkets egen virksomhet. Alle kan bli medlem og alle har medbestemmelsesrett. Du støtter din egen — og bygdesamfunnets sak, ved å handle i din egen butikk.

---

## *N. L. Otterlei*

KAROSSERIFABRIKK

SKODJE

Tlf. 453 A

---

# MØBLER

FINNER DU HOS OSS!

Det er lett å bo pent når du går til

## E. Riise & Co

Keiser Wilh.gt. 34 — Ålesund

# OSCAR LARSEN A/S

ÅLESUND

---

## DRAPOL profiler og plater i glassfiberarmert polyester og epoxy

kjennetegnes ved:

- **stor styrke**
- **lav vekt**
- **god isolasjonsevne**
- **god korrosjonsbestandighet**

Profilene produseres enten som standardprofiler eller som spesialprofiler med tildels kompliserte tverrsnitt.
Vi leverer også konstruksjonsdetaljer og sammenbygde elementer basert på Drapol profiler og plater. Endel av de mest aktuelle standardprofiler lagerføres. Vi står gjerne til disposisjon dersom De skulle trenge vårt råd.

## Plastkonstruksjoner A.s

6260 SKODJE — Tlf. 6110

## *Græsdal Speil & Glass A.s*

Parkgata 10

## *Engeset Handel*

BENSIN og KIOSK

Bra vareutvalg i nye og trivelige lokaler. Rimelige priser.

Fiskekort til Engesetdals- og Skålsvatnet.

*Landhandel*

ENGESETDAL

Produksjon av DØRER og VINDUER

*Spesialitet:*

STJERNEVINDUET

SVORTA — Tlf.6240 SJØHOLT

## *Fylling Elektromaskin A.s*

MOTOR & DYNAMOVERKSTED

*Spesialitet:*

MOTORVIKLING

6265 VATNE — Tlf.: Vatne 73 — Priv.: Ørskog 6004

MALERARBEID OG GULVBELEGG

utføres av

MALERMESTER

***THOR SKODJEREITE***

Skodje tlf. 414 — Ålesund tlf. 21 433

***Johs. Vadset***

Etabl. 1892 — Velassortert landhandel — Tlf. 402

SKODJE

Distriktslager av kunstgjødsel for Rieber & Sønn A/S

Forhandler av bensin — petroleum etc. fra B. P.

Godsekspedisjon N.S.B. og Linjegods

Veganlegg Fjellsprenging

Planering Grunnarbeid

***Egil Strømmen Maskinstasjon***

SKODJE — Ring tlf. 673

***Oscar Rørhuus***

Engesetdal — Tlf. Skodje 29

LASTEPLAN OG VAREKARROSSERIER

**J.WEIBERG GULLIKSEN**

6000 ÅLESUND TOLLBUGATA 6

Tlf. 21 598

---

*Berg Transport*

SKODJE — Tlf. 608—709

LANGTRANSPORT – TIPPVOGNER

---

*ALF VALDE*

SAGBRUK — HØVLERI — TREMATERIALER

BYGNINGSARTIKLER

SKODJE — Tlf. 415 B

---

*Giske Suovenir & Bruksting*

Delproduksjon

Postadr.: 6260 SKODJE — Tlf. 426

*Karl Grindvik*

PELSDYROPPDRETT

Skodje

---

Stedet for:

BØKER – KONTORARTIKLER

SKRIVESAKER – MUSIKK – FOTO

**JOHS. HAVNEVIK A·S**

I Skansen

---

*Eik & Hausken*

FREMMERHOLEN

Livsforsikringsselskapet
**GJENSIDIGE**

*Borg Branntrygdelag*

er bygda og distriktet sitt eige trygdelag. Det er skipa i 1860 og virkeområdet femner om: Ålesund, Skodje, Vatne og Giske. I samband med Gjensidige teiknar laget også kombinert trygding på bygningar og lausøyre, og kombinert landbrukstrygding, dessutan glas-, ansvar, bil, traktor og andre skadetrygdingar.

Forretningskontoret er i Ålesund — Rådstugata 5 b

Telefon nr. 21 101 — 25 230.

---

***Ola Strømmen***

SKODJE

DROSJE — AMBULANSE — MOBILTELEFON

TLF. SKODJE 503

---

***Vadset-Møbler A/S***

Delproduksjon for møbelindustrien

Skodje – Tlf. 426 * - 448

# BORGUND SPAREBANK

SAMMENSLUTTET AV BORGUND SPAREBANK OG SKODJE OG VATNE SPAREBANK

HOVUDKONTOR:
Keiser Wilh.gt. 29, Ålesund

FILIALAR:
Gåseid (Nørvasund)
Langevåg
Spjelkavik
Åsestranda (Åse)
Giske
Godøy
Valderøy
Syvikgrend

AVDELINGSKONTOR:
Skodje og Vatne Sparebank
Skodje
Vatne

2 bankbussar med til saman
24 ekspedisjonsstopp i Ålesund ,Haram og
Ørskog kommunar.

BORGUNDBANKEN — ALLTID FOR HAND


*Sunnmørsposstens trykkeri, Ålesund*